

# Miljø, flukt og internasjonal samhandling

Ylva Torilsdotter Tyssing



Master i Statsvitenskap, Institutt for statsvitenskap,  
Statsvitenskapleg Fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

27. april 2010

© Forfattar Ylva Torilsdotter Tyssing

År 2010

Tittel Miljø, flukt og internasjonal samhandling

Forfattar Ylva Torilsdotter Tyssing

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo



# Forord

Grunnen til at eg har velt å skrive om miljøflyktningar, eller tvungne miljømigrantar som eg har velt å kalle dei, er av di eg meiner dette er eit felt med store hol. Det er mykje snakk om både klimaendringar og konsekvensane av desse. Men kven desse konsekvensane går ut over, og korleis vi skal hjelpe desse vert ofte ikkje nemnt i det heile.

Å skrive denne oppgåva har vore utfordrande på mange plan, og det er difor mange eg ynskjer å takke.

Fyrst må eg takke vegleiarane mine, Arild Underdal og Anne Julie Semb. Dei har kome med mange innspel og kommentarar som har vore til stor hjelp for meg gjennom heile prosessen.

So må eg få takke onkel min, Hans Kristian Hernes for fantastiske innspel i slutten av prosessen, og far min, Alf-Jørgen Hernes Tyssing for alltid å ha skubba meg vidare når det såg som mørkast ut.

Ein spesiell takk til Christine Øverli Eriksen for å ha delt denne prosessen med meg, og for all den støtta eg har fått. Takk og til Maren Dahle Lauten, Anette Melby og Mari Salberg for all oppmuntring og godt humør.  
Sist, men ikkje minst, vil eg takke son min Sigurd for å ha haldt ut med meg. No er eg ferdig, no kan vi leike!

Ordtelling: omlag 27136

Ylva Torilsdotter Tyssing, Oslo 27.04.2010



# Innhald

1	Introduksjon .....	1
1.1	Miljøflyktningar .....	2
1.2	Aktørar .....	3
1.3	Innhaldsanalyse .....	7
1.4	Struktur .....	8
2	Menneske utan status .....	9
2.1	Ein flyktning er ikkje berre ein flyktning .....	9
2.1.1	Flyktningkonvensjonen .....	9
2.1.2	Persecuted .....	11
2.1.3	Interne flyktningar .....	12
2.1.4	Migrantar .....	13
2.1.5	Tvungne miljømigrantar .....	14
2.2	Eit omdiskutert definisjonsspørsmål .....	16
2.2.1	Definisjon .....	16
2.2.2	Fleirfaldige aspekt .....	18
2.2.3	Kategorisering .....	19
2.3	Førespeglag løysingar .....	21
2.3.1	Inn i Flyktningkonvensjonen .....	21
2.3.2	Nye avtalar .....	23
2.4	Tvungne miljømigrantar – ei annleis gruppe .....	25
3	Internasjonal samhandling i eit teoretisk perspektiv .....	26
3.1	Internasjonalt samarbeid .....	26
3.2	Teoriperspektiv .....	28
3.3	Institusjonell samhandling .....	30
3.4	Internasjonal innverknad .....	32
3.5	Karakteristikkar på regimeskiping .....	35
3.5.1	Effektive regime .....	35
3.5.2	Kriterium for regimeskiping .....	38
3.5.3	Operasjonalisering .....	40
3.6	Vegen vidare .....	42
4	Utval og metode .....	43

4.1	Analysegrunnlag.....	43
4.1.1	Dokument .....	44
4.1.2	Innvendingar.....	45
4.1.3	Innhenting av informasjon .....	46
4.2	Oversikt over utvalet .....	48
4.2.1	Australia – midt i smørauget .....	48
4.2.2	USA – ei verdsmakt .....	49
4.2.3	Europeiske Union - EU .....	49
4.2.4	Sameinte Nasjonar - SN .....	50
4.3	Analysemetode .....	51
5	Analyse .....	54
5.1	Australia .....	54
5.1.1	Kunnskapsauke.....	54
5.1.2	Haldningar .....	56
5.1.3	Investeringar.....	58
5.1.4	Store endringar .....	60
5.1.5	Australia og tvungne miljømigrantar .....	62
5.2	USA .....	62
5.2.1	Kunnskapsløft.....	63
5.2.2	Haldningar .....	64
5.2.3	Finansar .....	66
5.2.4	Store endringar .....	68
5.2.5	USA og tvungne miljømigrantar .....	70
5.3	EU.....	71
5.3.1	Kunnskapsauke.....	71
5.3.2	Haldningsendring .....	73
5.3.3	Finansar .....	75
5.3.4	Store endringar .....	77
5.3.5	EU og tvungne miljømigrantar.....	78
5.4	Sameinte Nasjonar.....	78
5.4.1	Kunnskapsauke.....	79
5.4.2	Haldningar .....	81
5.4.3	Investeringar.....	82

5.4.4	Store endringar .....	83
5.4.5	SN og tvungne miljømigrantar .....	85
6	Tvungne miljømigrantar og eit eventuelt regime .....	87
6.1	Dei fire karakteristikkane .....	87
6.2	Mønster med positiv utgang .....	90
6.3	Leiarrolle .....	92
6.4	Konklusjon .....	94
	Litteraturliste .....	96





# 1 Introduksjon

I fylgje UNHCR var det i 2008 11,4 millionar flyktingar(UNHCR 2009). Desse menneska er definerte som flyktingar ved å vere personar som har mått flykte grunna undertrykking på grunn av rase, religion, nasjonalitet, sosial tilknyting eller politisk ståstad.

Denne definisjonen kjem frå Flyktingkonvensjonen av 1951, som vart utarbeidd etter andre verdskriga for å gi hjelp og assistanse til dei som hadde vortne drivne på flukt. Seinare, i 1967, fekk han ein tileggsprotokoll for å ikkje lenger berre dekkje dei som hadde vortne flyktingar under verdskriga.

Problemet i dag er at vi har nye grupper menneske som ikkje kjem under denne definisjonen, men som òg treng hjelp og assistanse. Ei av desse gruppene er dei som må flykte grunna endringar i klima eller det vi meir generelt kallar endringar i miljøet.

Tre av dei mest omfattande klimaendringane er ei auke i temperaturen, noko som igjen vil føre til smelting av polis, og kraftigare stormar. Auke i temperaturen vil føre til därlegare vekstvilkår i varme strøk, noko som for det meste vil gå ut over allereie pressa område, som til dømes regionane sør for Sahara. Smelting av polis vil føre til ei auke i vassmålet i verdshava. Ei auke i det globale vassmålet med berre éin meter, vil utradere ei rekke øyar i Stillehavet, og allereie i 1988 anslo Jacobsen at dette vil drive 50 millionar på flukt (Jacobsen 1988). Myers hevdar at berre i Bangladesh vil om lag 26 millionar miste livsgrunnlaget sitt (Myers 2001). Desse områda, saman med andre særskilt fattige land i Mellom- og Sør-Amerika, Asia og Afrika, er òg dei som er mest utsette for store tropiske stormar med dei fylgjene det kan føre til. I

tillegg er desse landa òg dei som har minst midlar til å hjelpe dei som er mest utsette for klimaendringar (The World Disaster Report 2002 : 17).

Det eksakte talet på framtidige klimaflyktningar eller miljøflyktningar<sup>1</sup> varierer frå studie til studie, og alt frå 25 til 200 millionar menneske har vorte nemnte, alt etter korleis ein definerer desse.

## 1.1 Miljøflyktningar

Denne gruppa menneske er på grunn av miljøskjemming og klimaendringar ei raskt veksande gruppe som i dag ikkje fell under nokon eksisterande internasjonal avtale for assistanse. Dei kan som sagt ikkje defineraast som flyktningar i følgje Flyktningkonvensjonen, og har dimed ikkje dei same rettane som dei gruppene som fell inn i denne kategorien. Dei vert i dag sedde på som migrantar, det vil seie utan noko form forrett på assistanse eller hjelp frå det internasjonale samfunnet. Dette er trass i at det er store forskjellar mellom ein migrant, som søker ein betre levestandard, og ein miljøflyktning som rømmer av di det ikkje er noko anna alternativ.

Dette vil seie at vi om få år (tidsperspektivet er òg under diskusjon) kan få ein flaum av menneske som ikkje er flyktningar, med dei rettane det inneber, utan nokon stad å gjere av seg og utan noko nettverk til å hjelpe seg. Denne komande flaumen er debattert og omdiskutert på fleire plan, både blant forskrarar og menneskerettsforkjemparar, og ein kan ikkje seie at det er eit ukjent fenomen.

---

<sup>1</sup> Desse to omgrepene vert ofte brukt synonymt om kvarandre, sjølv om den eine er ein underkategori av den andre. Ein klimaflyktning er ein som har mått flykte grunna klimaendringar, mens miljøflyktningar inkluderar alle som har mått flykte grunna endringar i nærmiljøet (Biermann & Boas 2010 : 62) Eg vel difor å bruke omgrepet miljøflyktning.

Men framleis er det ikkje noko land som har teke til orde for ein plan for internasjonal samhandling for å løyse dette problemet.

Miljøflyktningar kan dimed seiast å vere i eit vakuum. Dei får i beste tilfelle ei særstak forverring av livskvaliteten, og i verste fall kan dei ikkje halde fram med å opphalde seg der dei opphavleg bur. Men uansett vert dei ikkje sedde på som flyktningar, og får ikkje opphald på humanitært grunnlag andre stader eller andre former for assistanse.

Formålet med denne oppgåva er å sjå på nettopp dette vakuumet. **Eg ynskjer å sjå om det kan finnast teikn til endring i det internasjonale samfunnet som tyder på at det kjem til å kome ein avtale som skal syte for dei som har måtta flykte på grunn av klimaendringar. Er det grunn til å tru at denne gruppa kjem til å få ein slik avtale ?**

## 1.2 Aktørar

For å gjere dette har eg valt å ta føre meg fire sentrale aktørar både innan miljøområdet og flyktningområdet, og i det internasjonale samfunnet generelt. Dette gjer eg med basis i teorien ”Institutional bargaining”, eller institusjonell samhandling. Denne tek føre seg regimeteori, og under dette skiping av regime, og korleis dette går føre seg. Hovudmannen bak denne teorien, Oran R. Young, hevdar at eit regime ikkje kan verte skipa utan det han kallar ”entrepreneurial leadership” eller det vi på norsk kallar strukturelt leiarskap. Dette vil seie at det må vere nokon som går i bresjen for eit slikt prosjekt for at det skal kunne gjennomførast. Det er for Young naudsynt med eit slikt leiarskap, men han påpeikar at det ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg.

I motsetning til det realistane meiner, hevdar Young at det ikkje er viktig med ein hegemon som tek leiinga for å få oppretta eit regime, men ein leiande aktør. Denne kan vere av forskjellig art, det vil seie både mellom anna ein stat eller ein organisasjon. Desse må vere aktørar med stor påverkingskraft innan det gjeldande området, og kunne leie andre aktørar i ”riktig retning” (Young 1994 : 114).

Eg har difor valt ut fire aktørar som eg meiner er sentrale når det kjem til nettopp miljøflyktningar. Desse har alle potensialet til å verte leiarar for å skipe til eit regime, og difor relevante for mi problemstilling. Dette kjem av at dei er viktige ikkje berre i form av å ha ei sterk stemme internasjonalt, men òg når det kjem til flyktningar generelt, og klima og miljøflyktningar spesielt. Dimed kan det, med basis i teorien, seiast eit aktivt engasjement frå ein av desse er nødvendig for ei skiping av eit regime. Dette vil ikkje nødvendigvis seie at dette er tilstrekkeleg for å få eit slikt regime, men om det er tilfelle er sannsynet større for at dette skal skje. Men om det motsette skulle vere tilfelle, og desse ikkje viser teikn til å ville skipe eit regime er det lite sannsynleg å tru at nokon annan kjem til å gjere det.

Eg vil her kort greie ut for kvifor eg meiner desse fire er dei viktigaste aktørane for det eg ynskjer å studere.

#### *Aktør 1 : Australia*

Australia er det landet i verda som nest etter USA, EU og Canada tek i mot flest flyktningar. Dette er med på å gjøre landet interessant i og med at det då òg er grunn til å tru at dei har ein aktiv flyktningpolitikk. Men dette i seg sjølv er ikkje hovudgrunnen til å peike ut Australia som ein potensiell leiande aktør.

Det som gjer Australia meir interessant er den geografiske plasseringa. Australia er plassert i den mest folkerike regionen i verda, og i ein av dei regionane som

øg kjem til å merke konsekvensane av klimaendringane hardast. Dimed vert det interessant å sjå kvar dei stiller seg med omsyn til miljøflyktningar. Dette landet er mest sannsynleg det landet som kjem til å få kjennskap til denne gruppa fyrst, om dei ikkje allereie har det.

I tillegg er Australia, saman med USA, ein stat bygd opp av immigrantar. Begge desse statane har ei lang historie med å huse immigrantar av mange slag. Dimed skulle ein kunne tru at eitt av desse landa ville vere ein av dei fyrste til å sette spørjeteikn ved miljøflyktningar og situasjonen deira.

### *Aktør 2 : USA*

USA er det landet i verda som tek i mot flest flyktningar når ein ikkje tek omsyn til interne flyktningar og mellombels omlokaliserte. Dette gjer at dette er ein av dei statane som mest sannsynleg kjem til å få auka tilstrøyming av miljøflyktningar. Ei endring i flyktningpolitikken, uansett retning, kan difor vere talande for korleis dei ser for seg eit eventuelt regime for miljøflyktningar.

I tillegg er det, som allereie nemnt, ein stat tufta på immigrasjon. USA har vore ein stor ”importør” av dei som treng nye stader å busetje seg. Det vert dimed interessant å sjå kva ein stat med ei slik historie seier om miljøflyktningar.

USA er òg det landet som vert sett på som det største føregangslendet i internasjonal samanheng. Det er nok det landet i verda som kan seiast å kome næraust i å ha dominans innan internasjonal politikk gjennom den verknaden dei har på andre land. Dette gjer at ei eventuell endring i politikk frå USA si side kan ha stor effekt på korleis andre land stiller seg i liknande spørsmål.

### *Aktør 3 : EU*

EU er samansett av 27 medlemsland, og desse utgjer til saman den regionen i verda som tek i mot mest flyktningar nest etter USA. Dimed vert dei òg ein viktig bidragsytar i det felles systemet som handsamar flyktningar. Dette vil

igjen seie at om EU-landa utarbeider ny politikk i tilhøvet til miljøflyktningar, vil dette kunne ha ringverknader internasjonalt. EU har per dags dato ingen heilskapleg, sams flyktingpolitikk, men det vil ikkje seie at det ikkje vert lagt føringar.

Dette gjeld òg for klimafeltet og EU har ikkje ein sams klimapolitikk, men igjen er det felles løysingar og føringar på mange nivå. Dette vil seie at endringane i politikken til alle dei 27 medlemslanda vert påverka frå EU nivå, noko som grunngjев ei studie på dette nivået.

I tillegg er dette ein union der ei rekkje medlemsland kvar for seg og saman har stor påverkingskraft på internasjonalt samkvem. Både Tyskland, Frankrike og Storbritannia er land med ei viktig stemme internasjonalt, og saman med dei andre medlemslanda utgjer desse eit av dei viktigaste marknadene i verda i dag. Dimed vert det interessant å sjå kva for endringar desse store aktørane eventuelt må rette seg etter.

#### *Aktør 4 : Sameinte Nasjonar - SN*

SN er den største ikkje-statlege aktøren når det kjem til internasjonal politikkutforming. Omlag alle land i verda er medlemmar, og dette gjer denne organisasjonen til den med mest påverkingskraft i det internasjonale samfunnet. Innan SN er det ei rekkje organisasjonar, og mellom desse United Nations High Comissioner for Refugees (UNHCR). Denne er den leiande organisasjonen i verda som tek for seg situasjonen til flyktningar i verda i dag.

I tillegg er det ei lang rekkje andre organisasjonar som tek for seg ei rekkje aspekt som er relevante for miljøflyktningar, som utvikling og miljøendringar. Desse vil kunne gi indikatorar på korleis stoda til miljøflyktningar er i verda i dag, og om det er truleg med eit regime for denne gruppa.

Desse fire meiner eg utgjer dei fire store aktørane som saman er nokre av dei viktigaste aktørane i det internasjonale samfunnet. Eg meiner det er rimeleg å tru at om nokon av desse fire viser teikn til å ta initiativet til eit regime til fordel for miljøflyktningar er sannsynet stort for at det kan kome til forhandlingar om nettopp dette. Og om det motsette skulle vere tilfelle, nemleg at ingen av desse viser teikn til dette, er det heller ikkje sannsynleg at det kjem til å skje.

### 1.3 Innhaldsanalyse

For å finne ut om desse fire aktørane er trulege leiarar, skal eg gjere ei kvalitativ innhaldsanalyse av dokument publisert av desse fire aktørane. Dette vil nærmere bestemt seie at eg skal sjå på korleis desse aktørane ordlegg seg for å kome fram til kva haldningar dei har til miljøflyktningar. Det er gjennom ord at politiske aktørar definerar seg sjølv og andre, og dimed gir ei analyse av dokument grunnlag for å kunne svare på problemstillinga (Mathisen 2008).

Det eg ynskjer å sjå på er som sagt om desse viser teikn til å ynskje å skipe eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar. Dette meiner eg er ein god indikator på om dei kjem til å ynskje å ta leiinga, og dimed auke sannsynet for at eit slikt regime vert skipa. Korleis desse teikna skal defineraast kjem eg nærmere inn på seinare, men for å ta det kort går desse ut på å finne ut om kvar av aktørane har visse kriterium som viser vilje til å skjøne og handle med omsyn til miljøflyktningar.

Min påstand er altso at om eg kan finne desse teikna, meiner eg det er sannsynleg at desse menneska kjem til å få hjelp og assistanse gjennom eit internasjonalt regime. Om eg derimot finn eit stort fråvere av desse, kan det

konkluderast med at dette regimevakuumet dei no lev i kjem til å verte oppretthalde.

## 1.4 Struktur

For å gjennomføre dette har eg valt fyljande struktur på oppgåva.

I fyrstkomande kapittel skal eg kort oppsummere dei problema som vedkjem denne problemstillinga. Som allereie nemnt er ikkje miljøflyktningar i dag definerte som flyktningar, og dette får òg konsekvensar for dei forskjellige forslaga til eit eventuelt regime.

I kapittel tre grunngjev eg sterke val av teori og korleis eg har tenkt å bruke denne. Eg vil òg sjå nærare på korleis eg har definert teikna på komande regimeskiping, mens eg i kapittel fire vil gå gjennom metoden og val av dokument

Kapittel fem vil ta føre seg analysefunna, mens kapittel seks vil oppsummere desse og sette dei i samanheng med teorien frå kapittel tre.

## **2 Menneske utan status**

Problemet er altso at miljøflyktningane ikkje vert definerte som flyktningane i fylgje gjeldande konvensjonar, og at det ikkje finst nokon anna form for assistanse til desse. Samstundes er dette ei veksande gruppe, grunna både klimaendringar og miljøendringar generelt. Spørsmålet vert dimed kva som faktisk definerer ein flyktning og korleis dette skil seg frå miljøflyktningane. Dette igjen påverkar kva løysingar som er alternativa for denne gruppa.

### **2.1 Ein flyktning er ikkje berre ein flyktning**

Slik dagens flyktningregime er lagt opp, er det i Flyktningkonvensjonen til SN vi finn definisjonen på ein flyktning og kva rettar desse har. Denne vart godkjend i 1951 for å verne personar som trengte assistanse etter andre verdskrigen. Det vil seie at han berre tok for seg personar som hadde flykta før 1951. I 1967 vart denne gruppa utvida, slik at også personar som hadde flykta etter dette vart tekne inn under konvensjonen i ein tilleggsprotokoll (McNamara 2007).

#### **2.1.1 Flyktningkonvensjonen**

I fylgje Flyktningkonvensjonen til SN er ein flyktning ein som

”owing to wellfounded fears of being persecuted for reasons of race, religion, nationality, membership of a particular social group, or political opinion is outside the country of his nationality and is unable to or owing to such fears is

unwilling to avail himself of the protection of that country.”(Flyktningkonvensjonen 1951 : 273)

Ein person som flyktar på grunn av undertrykking på grunn av rase, religion, nasjonalitet, sosial tilknyting og politisk ståstad, er dimed i fylge Flyktningkonvensjonen ein legitim flyktning. Dette gir rett til å søke asyl og om dei oppnår flyktningestatus gjennom dette, har dei rett til å verte behandla som ein innbyggjar i det landet dei oppheld seg.

Flyktningstatuttane vert i dag oppretthaldne og tilrettelagte av UNHCR - United Nations High Commissioner for Refugees, - og det er òg dei som leier samhandlinga om Flyktningkonvensjonen internasjonalt.

Flyktningkonvensjonen er den som legg føringa for UNHCR sitt arbeid, men det har over tid utvikla seg til å ikkje berre gjelde reine flyktningar, men òg interne flyktningar og statslause personar. Ved store naturkatastrofar har UNHCR òg stilt sitt apparat til disposisjon, men har ikkje delteke med mål om å hjelpe flyktningar (UNHCR 2009)

Dette vil seie at i utgangspunktet er det Flyktningkonvensjonen av 1951 som vert nytta som middel for å definere menneske som flyktningar, med dei rettane dette inneber. Men på grunn av utviklinga i verda har UNHCR òg sett seg ut andre grupper som treng assistanse og gir dette til dei, om enn i avgrensa grad om vi samanliknar med flyktningar. Forskjellen er at desse ikkje samstundes oppnår flyktningstatus, med dei rettane som dette inneber.

For at miljøflyktningar skal få tilgang til desse rettane må dei dimed kunne seiast å vere flyktningar i fylge Flyktningkonvensjonen av 1951. Dei kan altso få assistanse på andre måtar av UNHCR sjølv om dei ikkje får denne

definisjonen, men dei får ikkje rettar på lik linje med flyktningar utan denne definisjonen.

Og for å oppnå denne definisjonen må dei difor kome innanfor kriteria til Flyktningkonvensjonen som eg har sett på ovanfor. Eg skal difor gå igjennom hovudpunkta og sjå kvifor miljøflyktningar ikkje kjem i kategorien flyktning.

### **2.1.2 Persecuted**

For det fyrste er desse menneska ofte ikkje forfølgde på same måte som ”vanlege” flyktningar. Det vil seie at staten dei opphavleg kjem frå ikkje er ute etter dei på grunn av rase, religion, nasjonalitet, sosial gruppe eller politiske meiningar.

Samstundes kan heimlandet vere grunnen til flukt. Om til dømes ein stat bestemmer seg for å demme opp ein del av eit elveleie, vil dei som bur der måtte flytte. Dette vert ikkje nødvendigvis sett på som ansvaret til staten å ordne opp i, og desse må flykte (Conisbee og Simms 2003 ; 27). Dei er altså ikkje forfølgde av staten, men staten hjelper dei heller ikkje.

Det treng heller ikkje vere at staten ikkje vil hjelpe, men at den ikkje kan. Dei landa som er utsett for dei verste endringane grunna klima til dømes, er òg dei som har minst ressursar til å førebygge og til å hjelpe eigne innbyggjarar.

Eit anna tilfelle der staten ikkje kan hjelpe dei er om staten i det store og det heile forsvinn. Til no er det med ei visst sannsyn peika ut fem øystatarar, derimellan Tuvalu og Maldivane, som kjem til å forsvinne i havet i løpet av dei komande tiåra. Desse vil då ikkje kunne assistere sine innbyggjarar, som dimed vert flyktningar (ibid.) Men kva skjer med innbyggjarane på øystatarar som forsvinn i havet? Det er ikkje klart om det internasjonale samfunnet framleis vil

godkjenne statsautoritet sjølv om territoriet er forsvunne, eller om innbyggjarane i slike tilfelle vil verte statslause (IASC)

Connisbee & Simms hevdar med grunnlag i dette at ein kan seie at miljøflyktningar er ”environmentaly persecuted”, og dimed fell inn under Flyktningkonvensjonen sitt krav om forfølging. Miljøet vert rett og slett ein forfølgjar, og dermed ein trussel mot menneska (Conisbee og Simms 2003 ;30). Men det er ei rekke motførestillingar til å innlemme denne gruppa i Flyktningkonvensjonen på denne måten, og miljøflyktningar fyller dimed ikkje kravet om å vere ”persecuted”.

### **2.1.3 Interne flyktningar**

For det andre er dei fleste miljøflyktningar ”Internally displaced persons”, det vil seie interne flyktningar. I følgje Flyktningkonvensjonen til SN må ein flyktning vere ein som flyktar ut over ei landegrense. Miljøflyktningar flyttar ikkje på grunn av til dømes press frå andre grupper, og kan dimed verte handsama innan sine eigne landegrenser. Desse kjem dimed ikkje under Flyktningkonvensjonen, og er difor ikkje karakteriserte som flyktningar (sjølv om dei i seinare tid har fått sine rettar meir stadfesta og vert handsama av UNHCR).

Endring av bustadmønster av menneske grunna miljøendringar vil som oftast vere inne i eit land (IASC). Dette gjer desse til internt bortdrivne og ikkje flyktningar.

Eit problematisk aspekt ved dette er at dei fleste miljøendringar skjer i land med for det første særsmange innbyggjarar, som ikkje berre kan flyttast til ein annan dal. Det er det mest sannsynleg fullt (Dag og Tid 2009). For det andre kjem

brorparten av miljøflyktningane til å kome frå det vi i dag kallar u-land, dvs den mindre rike delen av verda (Conisbee og Simms 2003 ; 14-16). Desse har ikkje den økonomiske tyngda til å kunne hjelpe alle dei som vert ramma, og vil mest sannsynleg få meir problem ved miljøendring enn eit tilsvarende problem i eit vestleg land (Conisbee og Simms 2003 ; 27). Miljøendringar får ei ekstra tyngd når dette skjer i land som allereie slit med stor fattigdom og politisk ustabilitet. I desse landa kan ei, elles i verda, lita endring gi store konsekvensar. Ho kan føre til politiske, sosiale og økonomiske problem som igjen kan gi konfliktar og auka valdsbruk (Myers 2001). Dette vil leie til at flyktningane vil kome inn under anna internasjonalt lovverk, både dei internt fordrivne og dei som kryssar grenser (IASC)

Men so lenge miljøendringane ikkje fører til konfliktar og auka valdsbruk, vil desse menneska framleis vere internt bortdrivne. Og derav heller ikkje under jurisdiksjonen til Flyktningkonvensjonen.

#### **2.1.4 Migrantar**

For det tredje er det vanskeleg å skilje mellom ein person som flyktar frå miljøendringar og ein migrant (ofte kalla ein økonomisk flyktning utan at dei eigentleg kan definerast som flyktningar av di dei ikkje flyktar frå noko, men migrerar av økonomiske grunnar).

Ein flyktning må ha reist frå landet sitt på grunn av rase, nasjonalitet, religion sosial tilknyting eller politisk ståstad, mens ein migrant i fylgje SN er "those who voluntarily leaves his country in order to take up residence elsewhere" (McNamara 2001). Desse er menneska reiser frivillig til eit anna land med mål om å busette seg.

Miljøflyktningar kan ein seie har til felles med migrantar at dei i somme tilfelle har større kontroll over når dei faktisk må flykte. Problemet er at dette for det første kjem an på kva form for miljøendring det er snakk om. Kjelda og varigheita til miljøskjemminga formar flyktningtypologien (Bates 2002) For det andre vert det å seie at miljøflyktningar reiser frivillig feil. Dei har vorte tvungne av miljømessige årsaker til å flytte, og kan i motsetting til migrantar ikkje reise tilbake. Å setje desse to gruppene i same bås fråtek dimed miljøflyktninga den retten til asyl og menneskerettar som dei som flyktninga ville hatt rett på. I tillegg vert det alvorlege ved miljøendringar teke vekk, i og med at dette vert ikkje vert sett på som noko meir alvorleg enn eventyrlysta til migrantane (McNamara 2001)

Men det er ikkje dimed sagt at det er enkelt å skilje desse to gruppene frå kvarandre. Norman Myers ser dette og foreslår ein skala med ”reine” miljøflyktninga i ein enden og ”reine” økonomiske flyktninga i andre. Samstundes presiserer han at desse ”reine” kategoriane i røynda ikkje eksisterer, for om ein kanskje har reist primært av økonomisk årsaker, so kan ei endring i levestandarden grunna miljøendringar ha vore utslagsgivande for den faktisk avreisa. Og dette poengterer han, gjeld ikkje berre miljø og økonomi, men og andre grunnar til å flykte (Myers 2001)

### **2.1.5   Tzungne miljømigrantar**

Miljøflyktningar kan dimed ikkje seiast å vere flyktningar av di dei ikkje fylgjer dei krava som Flyktningkonvensjonen legg til grunn for definisjonen flyktning. På grunnlag av dette finn eg det særskilt vanskeleg å halde fram å kalle denne gruppa menneske for flyktningar. Miljøflyktning er det omgrepet som er mest utbreidd i bruk, men samstundes er det ingen legitimitet i bruken. Desse

menneska er, som eg har vist, ikkje flyktningar i fylgje Flyktningkonvensjonen til SN, og dimed i fylgje internasjonalt lovverk ikkje flyktningar.

Samstundes meiner eg at desse ikkje kan omtalaast som migrantar, av di det i migrantomgrepet er eit aspekt av fri vilje. Denne frie viljen har eg tidlegare vist at ikkje er til stades i same grad hos menneske som flyktar frå miljø.

Eg vel difor å omtale denne gruppa menneske som tvungne miljømigrantar i det resterande av oppgåva mi. Det er ikkje eit omgrep eg er fornøgd med, sidan det framleis har migrasjonomgrepet i seg. Men eg meiner at sidan eg påpeikar at dette er tvungen migrasjon, noko som får fram at dei ikkje gjer dette frivillig, so kan dette omgrepet brukast. Det får fram at dei flyktar grunna miljøendringar, samstundes som dei ikkje kan forvekslast med dei som vert karakteriserte som flyktningar i fylgje Flyktningkonvensjonen.

Ein flyktning er altsø ein person som flyktar grunna undertrykking og frykt for forfylging på grunn av rase, religion, nasjonalitet, sosial tilknytting og politisk ståstad. Som sett ovanfor kjem ikkje tvungne miljømigrantar inn i denne definisjonen, og dimed har dei heller ikkje rett på den assistansen og hjelpa som kjem med denne. Dimed vert det òg særskilt interessant å sjå om det er sannsynleg med skiping av noko form for internasjonal samhandling til fordel for denne gruppa. Men for å gjere det trengs ein definisjon på kven det er som utgjer denne gruppa. Dei kan ikkje definerast som flyktningar, og dimed vert spørsmålet korleis ein skal definere dei.

## **2.2 Eit omdiskutert definisjonsspørsmål**

Som eg har vore inne på er tvungne miljømigrantar ei gruppe med mange forskjellige karakteristikkar. Det er mange måtar ein person kan verte utsett for miljøendringar på og oppleve å omlokalisere grunna klimaendringar. Dette gjer det problematisk å finne ein god og enkel definisjon på kva ein tvungen miljømigrant er, men samstundes er dette heilt nødvendig.

Problemstillinga for denne oppgåva er å sjå om det er teikn til at eit regime for denne gruppa kjem til å verte skipa. Dette kan eg vanskeleg gjere utan ein definisjon av kven denne gruppa er.

### **2.2.1 Definisjon**

Den fyrste som verkeleg tok i bruk omgrepet var El-Hinnawi i ein SN rapport frå 1985. Han beskrev miljøflyktningar som:

”These people who have been forced to leave their traditional habitat, temporarily or permanently, because of a marked environmental disruption (natural and/or triggered by people) that jeopardized their existence and /or seriously affected the quality of their life” (El-Hinnawi 1985:4).

Han fokuserer på menneske som har vortne tvungne til å forlate nærområda sine, av di miljøskjemming, naturleg eller menneskeskapt, trugar dei eller livskvaliteten deira. Dette utdstrupar han seinare i den same rapporten, med å dele miljøflyktningar inn i tre kategoriar. Mellombels omplassering grunna mellombelse miljøendringar, permanent omplassering grunna permanente miljøendringar og mellombels og permanent omplassering grunna degradering av ressursar (El-Hinnawi : 1985)

Kritikken av denne fyrste definisjonen har kome frå fleire hald, men først og fremst på basis at han ikkje definerer kva form for endring som får ein person til å flykte. Både Suhrke (1993) og Trolldalen (1992) har gått inn for ei løysing der ein ser på kva for katastrofe som får ein person til å flykte. Suhrke delar inn etter naturlege endringar som tørke, endringar i vasstilførsel, auke i vassmålet osb. Trolldalen et al har derimot har eit litt anna fokus, og konsentrerer seg om industriulykker, naturlege katastrofar, degradering av ressursar osb (Trolldalen et al 1992). Suhrke presiserer vidare :

*"if it is to have a meaning at all, the concept of environmental refugee must refer to especially vulnerable people who are displaced due to extreme environmental degradation." (Suhrke 1993 : 9)*

Ho ynskjer altso eit konsept som skal konsentrere seg på dei som er mest utsette for ekstreme miljøendringar.

Frank Bierman og Ingrid Boas har derimot i den nyleg publiserte artikkelen sin gått inn for å skilje klimaflyktninger ut som eiga gruppe frå miljøflyktningane generelt og dimed oppnå ein enklare definisjon. Dette grunngjev dei med at dette vil forenkle diskusjonen (Bierman & Boas 2010 : 64). Men eg meiner at dette er feil for det fyrste av di ein då utelet ei stor gruppe menneske som òg treng assistanse, og for det andre av di det ikkje er enkelt å skilje ut denne gruppa. Her er det overlappingar mellom kategoriane, og ei utskilling vil berre gjere defineringa vanskelegare.

## **2.2.2 Fleirfaldige aspekt**

Eit aspekt som dei færraste tek med i definisjonen er at det er vanskeleg å skilje mellom ein rein miljøflyktning og andre flyktningar. Når ein person flyktar frå opphavsplassen sin, er det som regel ikkje av éin einskild grunn. Slik er det med miljøflyktningar òg. Bak ei avgjerd om å flytte vekk ligg eit nett av grunnar, der endring i miljøet kan vere ei av maskene.

Ei rekke akademikarar, mellom anna Black, Kireab, Suhrke og McGregor er einige i denne påstanden. Dei framhevar det faktum at miljøendringar ikkje er grunn nok åleine til å skape flukt, men at det er fleire grunnar (McNamara 2007). Men som vi skal sjå brukar dei ikkje dette til fordel for ein betre definisjon.

Black hevdar at det ikkje finst grunnlag for å seie at miljøflyktningar eksisterer per se, men at vi heller kan snakke om at miljø er vorte endå ein grunn til å flykte (Black 1998, 2001). McGregor er litt mindre kategorisk, og peikar på den faren det inneber å bruke miljø som eigen kategori. Det vil nemleg indikere at miljø kan skiljast frå politiske og økonomiske faktorar, noko som i realiteten ikkje er mogeleg. Grunnen, i fylgje McGregor, til at menneske vel å flytte er ofte kompleks og ved å skilje ut ein eller fleire av desse som separate grunnar vil ein heller gjere det vanskelegare å forstå denne kompleksiteten enn å forenkle (McGregor 1993).

Det vert òg hevdat at omgrepet miljøflyktning først kom i bruk av di vestlege statar trengde ein grunn til å avvise flyktningar på legalt grunnlag. Gaim Kibreab hevdar at miljøskjemming ikkje er grunnen til krig, men konsekvensen. Men sidan det motsette vert allment akseptert, hevdar han at nokre av dei som står for politikkutforminga har brukta dette til å avvise flyktningar. Om ein kan

seie at dei ikkje er flyktningar frå krig, men miljø, vil dette, slik lovverket er i dag, gi grunnlag til avvising av opphaldsløyve (Kibreab 1997).

Problemet med kritikken desse akademikarane har kome med, er i fylgje Karen McNamara at dei lukkar debatten heilt. Dei har avist spørsmålet om miljøflyktningar i det heile eksisterar, slik at det ikkje vert forska eller debattert i det heile om dette er eit fenomen ein må gjere noko med. Problemet med å definere miljøflyktningar og kva som får desse til å flykte, burde heller leie til meir forsking, og ikkje ei avvising av problemet i seg sjølv (McNamara 2007).

Norman Myers har difor teke med dette aspektet i definisjonen sin ved å ikkje berre presisere at ein miljøflyktning er ein person som må forlate heimstaden sin grunna tørke, erosjon, ørkenspreiing, skoghogst og andre miljøendringar, men ved òg å legge vekt på at desse endringane kjem saman med eit vidare spekter av problem som høgt innbyggjartal og stor fattigdom. Den viktigaste faktoren for Myers er framleis miljøendringar, men sidan desse endringane skjer i eit land med stor fattigdom og politisk ustabilitet, gjer desse det endå meir katastrofalt (Myers 2001).

### **2.2.3 Kategorisering**

Men dette er for somme framleis ei for vag kategorisering av denne gruppa. Renaud et al tek til ordet for at vi skal definere menneske som flyttar grunna miljøendringar i tre kategoriar. Dei som er ”motiverte” til å flytte grunna miljøendringar, det vil seie dei som ser at miljøendringane kjem, og som tek eit bestemt val om å flytte, dei som vert tvungne til å flytte på grunn av miljøendringar, her kjem overraskingsmomentet inn, men dei har framleis eit

val, og til slutt dei som flyktar frå miljøendringar, som til dømes menneske som må flytte av di øya dei bur på vert overfløymd.

(Renaud et al.).

Bates har ei endå meir gjennomarbeidd kategorisering, men held seg framleis til ei tredeling. Den fyrste kategorien er dei som vert nøydde til å flykte på grunn av ein katastrofe. Desse ynskte opphavleg ikkje å flytte, men vart nøydde til det. Katastrofane deler ho igjen inn i to, dei naturlege katastrofane, som flaum og vulkanutbrot og dei som kjem frå teknologiske feil, som til dømes atomulykker og liknande (Bates 2002).

Den andre kategorien kallar ho ekspropriasjon. Dette er situasjonar som gjer at menneske må flytte sjølv om dei ikkje nødvendigvis vil, og dét på permanent basis. Denne kategorien kan òg delast i to, tvang skapt av økonomisk utvikling som til dømes bygging av damanlegg, og øydelegging av område som ein del av ein krigsstrategi. Det som er verdt å merke seg her, er at i ingen av desse kategoriene kan vi plassere naturlege tilfelle. Her er det berre menneskeskapte fenomen som kan gi flyktningar. Og desse flyktningane har relativt ofte enkelt fått status som flyktningar, og med dette hjelp frå anten eigen stat eller det internasjonale samfunnet (ibid.).

I den siste kategorien finn vi dei som er vanskelegast definerte som miljøflyktningar. Denne tek for seg gradvise endringar i miljøet som gjer at menneske til slutt ikkje kan fø seg i dette området. Det er ofte vanskeleg å sjå den direkte linken til migrasjon i desse tilfella og det er som regel dei fattigaste som er hardast ramma. Det som gjer det ekstra vanskeleg å definere dei som flyktningar, er at dei ofte har hatt god tid til å bestemme seg for å omlokalisere (ibid.)

Som vi har sett er dei fleste relativt einige om kva som skal til for å definere ein klimaflyktning. Det må vere eit viss mengde tvang inne i biletet, sjølv om denne kan ha kome over ein lengre tidsperiode. Det viktigaste er at dei ikkje kan halde fram med å leve i det området, og ser seg nøydde til å flykte. Grunnane til dette kan vere av ulik art, alt frå saktegåande endringar til plutselige katastrofar.

For denne oppgåva vel eg å halde meg til Bates definisjon av di eg meiner denne tek med alle aspekta av det som kan vere grunnar til flukt for ein tvungen miljømigrant. Dette meiner eg er viktig for å kunne fange opp alle teikn til endring i haldninga til situasjonen deira.

## 2.3 Forespegla løysingar

Denne gruppa, som er definerte som tvungne miljømigrantar, er altså ikkje flyktningar med rett på assistanse, sjølv om vi gjennom defineringa av denne gruppa har sett at dei har bruk for det. Målet med denne oppgåva er å sjå om det er teikn til endringar i den internasjonale statusen til denne gruppa. Men for å gjere dette er eg fyrst nøydd til å finne dei førespegla alternativa.

### 2.3.1 Inn i Flyktningkonvensjonen

I dag vert ikkje tvungne miljømigrantar godkjende av det internasjonale samfunn som flyktningar. Dimed har dei heller ikkje dei rettane som denne gruppa har.

Ei av løysingane som er foreslått er å utvide den gjeldande Flyktningkonvensjonen til å også skulle gjelde tvungne miljømigrantar. Dette vil gi alle som flyktar frå miljøskjemming dei same rettane som menneske som

flyktar på grunn av rase, religion og politiske grunnar. Dei ville dimed verte legitime flyktningar.

Noko av grunngjevinga til denne løysinga ligg i historia til Genèvekonvensjonen. Han vart oppretta for å hjelpe flyktningar under andre verdskrigen, men då ein såg at det òg var behov for hjelp i andre delar av verda, var han utvida til å også hjelpe desse. Argumentet til dei som vil innlemme miljøflyktningar i Genève konvensjonen går på at no har verda igjen endra seg og konvensjonen treng ei ny ”oppdatering”. Det som skapar flyktingstraumar i dag må òg vere grunnlaget for å gi flyktingstatus (Conisbee og Simms 2003 ; 31).

Det største innvendinga mot denne løysinga er ein del av det vi har sett på allereie, nemleg at det ikkje er noka eins definisjon på kva ein tvungen miljømigrant er. So lenge ein ikkje kan verte einige om kva det vil seie å vere tvungen miljømigrant, vil det vere enkelt å avvise desse menneska som migrantar (økonomiske flyktningar), slik det vert gjort i dag.

Det er ikkje sjølv sagt å få flyktingstatus, og det med relativt klare definisjonar på kva ein flykting er. ”Miljøflykting” risikerer å verte ein merkelapp særsvanskeleg å oppnå.

Dette leier oss over i ei anna innvending mot å innlemme tvungne miljømigrantar i Flyktingkonvensjonen. Vi ser allereie i dag at ei rekke land strammar inn rammene for kven dei aksepterer som flykting, og dermed gjer det vanskelegare å få opphold i eit anna land på grunnlag av flyktingstatus. 1/3 av vestlege land går inn for ein strengare innvandringspolitikk for å hindre ei auke i tilstrøyminga av flyktningar frå utviklingslanda (Myers 2001). Land som USA og Australia går ope ut med at dei ynskjer innvandrarar med utdanning

eller ei form for kunnskap, noko som òg har begynt å vise seg som ein global trend (McNamara 2007).

Frå UNCHR si side kjem innvendinga at dei ikkje har ressursar til å ta seg av endå fleire flyktningar (Myers 2001). Ynsket er å halde miljøspørsmålet utanfor Flyktningkonvensjonen av di dei meiner at dei ikkje har nok ressursar til å ta seg av endå ei flyktninggruppe. Det er allereie ei veldig stor mengd flyktningar som høyrer inn under Flyktningkonvensjonen slik han er i dag, og UNCHR har problem med å få midla til å strekkje til for å hjelpe alle desse. Derfor ynskjer dei ikkje å tilføre endå ein legal grunn til å kome inn i Genèvekonvensjonen, men ei anna løysing, utanfor Flyktningkonvensjonen. (Conisbee og Simms 2003 ; 26).

### **2.3.2 Nye avtalar**

Ei anna løysing som vert skissert er å enten lage ein heilt ny konvensjon som berre tek føre seg tvungne miljømigrantar eller få denne gruppa inn i ein ny og forbetra miljøkonvensjon (Conisbee og Simms 2003 ; 33).

I dag tek ikkje "the UN Framework Convention on Climate Change" (UNFCCC) opp korleis ein skal handtere menneske som flyktar grunna klimaendringar eller skjemming av miljøet (IASC). Fordelen med utarbeidingsa av eitt av desse alternativa er at ein samstundes må verte einige om ein definisjon på kva ein tvungen miljømigrant er. Dette vil gjere det lettare for desse å faktisk verte godtekne som flyktningar (Myers 2001).

Problemet er som med den andre løysinga at dette kan føre til utvatning, men ikkje av flyktningomgrepet, men av omgrepet tvungen miljømigrant. Om alle statar i verda skal verte einige om kva ein tvungen miljømigrant er, vil det verte

mange meininger som må verte høyrde og tekne omsyn til. Vi har allereie sett kor ueinige forskarar kan vere, og det er ingen grunn til å tru at statar generelt vil vere meir einige.

Dei vestlege (industrialiserte) landa vil mest sannsynleg argumentere for ein so streng definisjon som mogeleg i og med ynsket er færre flyktingar, ikkje fleire. Ei generell frykt for innvandrarar og aukande xenofobi gjer at haldningane til internasjonalt samarbeid har endra seg. Frykta for ein flaum av tvungne miljømigrantar kjem til å vere med på å forme korleis ein eventuell ny konvensjon for denne gruppa kjem til å verte utforma (McNamara 2007).

Dei ikkje-industrialiserte landa kan òg kome til å støtte denne løysinga, av di det er i desse landa flyktingstraumen kjem til å auke mest (Conisbee og Simms 2003 ; 22). I dag finn vi brorparten av tvungne miljømigrantar anten som interne flyktingar i eige land eller som flyktingar i naboland. Desse er som regel like fattige og med like store miljøproblem om opphavslandet, noko som gjer at desse landa er interesserte i ein avtale (Myers 2001). Eit anna alternativ for desse kan vere å gå inn for ei løysing der dei landa som forureinar mest òg må ta brorparten av konsekvensane. Dette har vi sett i miljøforhandlingar generelt, noko som kan indikere at det er ynskjeleg å diskutere denne innan tvungne miljømigrantar feltet òg (Conisbee og Simms 2003 ;29).

Her vert det og peika på eit aspekt som denne problemstillinga har felles med klimaproblematikken. Nemleg at det er grunna utslepp frå dei rike landa at dette i det heile vert eit problem. Som i samband med klimaendringar, vert det dimed òg eit spørsmål om dette skal gjere at dei rike landa òg må ta brorparten av konsekvensane. Dette må i so fall kome med i eit eventuelt nytt regime eller kome inn i UNFCCC.

## **2.4    Tvungne miljømigrantar – ei annleis gruppe**

Tvungne miljømigrantar er altso ikkje flyktingar, av di dei ikkje passar inn i definisjonen av ein flyktning jamfør Flyktningkonvensjonen av 1951. Det er heller ikkje enkelt å finne ein annan definisjon på denne gruppa for å avgrense henne, sidan det er mange kategoriar som kan kome inn under dette omgrepet. Men det betyr ikkje at dei ikkje treng hjelp og assistanse, og det er fleire forslag til korleis denne hjelpa skal verte organisert.

Dette gjer at når eg skal sjå om det er teikn til endringar i den internasjonale statusen til tvungne miljømigrantar er det fleire omsyn eg må ta. For det fyrste må eg ta med at det er fleire definisjonar og omgrep som er i bruk for å definere denne gruppa. Dimed vert det òg vanskelegare å skulle avgrense søker i form av omgrepsavgrensing. Eg har dimed valt å bruke ein ganske vid definisjon av tvungne miljømigrantar for å kunne inkludere alle tilvisingar til denne gruppa i analysen min. Dette meiner eg er naudsynt av di det enda ikkje er koment ein breitt akseptert definisjon av kva ein tvungen miljømigrant er, og det difor er nyttig å sjå på absolutt alle tilvisingane til denne gruppa.

For det andre er det fleire forslag til løysingar til internasjonal samhandling når det kjem til tvungne miljømigrantar. Eg er på jakt etter alle teikn til internasjonal samhandling, og må difor vere merksam på desse.

Dette er alle aspekt eg må ta med meg vidare når eg går i gang med å finne svar på om det faktisk er teikn til skiping av eit internasjonalt regime til fordel for tvungne miljømigrantar.

# **3 Internasjonal samhandling i eit teoretisk perspektiv**

Målet med denne oppgåva er å sjå om det kan vere teikn til at eit internasjonalt samarbeid til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte oppretta. Det vil seie at eg ynskjer å sjå om det kan kome eit regulert internasjonalt samarbeid som kan forenkle situasjonen til denne gruppa og yte assistanse.

## **3.1 Internasjonalt samarbeid**

Organiserte internasjonale samarbeid kan ta forskjellige former, men som vi har sett i føregåande kapittel er dei alternativa som er skisserte opp for tvungne miljømigrantar alle internasjonale regime. Det er også andre former for samarbeid internasjonalt, som til dømes ad hoc avtalar eller organisasjonar. I denne samanhengen ser eg det som lite tenleg å sjå om det er teikn til at eit ad hoc samarbeid kjem til å kome i stand, av di dette ofte er tidsavgrensa avtalar av mindre omfamnande art. Dette vil i verste fall ikkje kunne få noko reelt å seie for tvungne miljømigrantar, og i beste fall utvikle seg til eit mindre tidsavgrensa regime. Om det sistnemnde er tilfelle kjem det til å vise seg i mi studie etter regimeskiping.

Om det kjem til å kome ein organisasjon, er derimot meir interessant, men berre i den forstand at det vil vere interessant å sjå på om dette er påtenkt for å handsame eit eventuelt regime. Dette vil kunne indikere at eit regime er tenkt skipa, av di organisasjonar kan vere viktige i utforminga og forvaltinga av internasjonale regime (Hovi & Underdal 2003 : 15-16).

Eg ynskjer dimed å sjå om det er teikn til skiping av eit regime, både av di det er dette som er skissert opp og av di dette er den beste forma for internasjonal samhandling for tvungne miljømigrantar. Men dette vil derimot ikkje seie at kva eit regime er ikkje er eit innfløkt spørsmål. Dei kan vere utforma på mange forskjellige vis og om vi samanliknar dagens mange regime finn vi ei rekke forskjellar. Dei kan ha større eller mindre grad av ansvar for aktørane, effektivitet eller organisering. Regime kan vere med og utan ein organisasjon, og ein kan òg finne organisasjonar som handsamar fleire regime<sup>2</sup> (Hovi og Underdal 2003 : 11-17).

Definisjonen av eit regime har vore mykje diskutert, men den mest brukte er laga av Stephen D Krasner i 1983 :

”implicit or explicit principles, norms, rules and decision-making procedures around which actors’ expectations converge in a given area of international relations” (Krasner, 1983 : 2)

Dette vil seie at i fylgje Krasner er eit regime eit sett av implisitte eller eksplisitte prinsipp, normer, reglar og prosedyrar for avgjersler innan eit avgrensa politikkområde. Ikkje alle er einige i ein so brei definisjon av omgrepet, men eg vel å bruke denne definisjonen i denne oppgåva.

Desse prinsippa, normene og reglane kan vere av veldig ulik art, alt etter kva konflikt eller problem dei er sett inn for å løyse. Det vil igjen seie at forskjellige regime har forskjellige oppgåver, og igjen at dei vel å løyse desse på forskjellige måtar. Til dømes er Flyktningkonvensjonen lagt opp annleis enn Kvalfangskonvensjonen, av di dei er bygde opp for å ta seg av forskjellige

---

<sup>2</sup> Til dømes organiserar SN fleire regime innanfor ein stor organisasjon

problemstillingar. Målet med eit regime er å løyse eit problem, og dimed styrer dette målet korleis regimet vert gjennomført.

Men dette vil vidare seie at om det skal skipast eit regime for tvungne miljømigrantar, er det ikkje nokon enkel mal å fylgje; regime vert bygd for å passe til kvart einskild område. Dette har sjølv sagt sine fordelar, men ulempene er at det ikkje er noko einskild oppfatning om korleis eit regime oppstår og kva dei utløysande faktorane er.

For tvungne miljømigrantar er òg eit av alternativa å inkorporere denne gruppa i eksisterande regime. Men, som vi har sett, vert regime tilpassa problemstillinga, noko som vil seie at desse òg må endrast. Dimed vert dette heller ikkje ei enkel løysing.

For å kunne sjå om det er noko endring til fordel for tvungne miljømigrantar må eg difor finne det som må endrast. Dinest vert det viktig å fastsette kva som er avgjerande for endring og kva som skal til for at denne endringa skal finne stad.

## 3.2 Teoriperspektiv

Teori som tek for seg tvungne miljømigrantar og opprettinga av regime for denne gruppa er heller mangelfull. Grunnen til dette er sjølv sagt at det ikkje eksisterar noko regime for desse, og dimed har ein heller ikkje noko å utarbeide teori frå. Men teoriar kan utarbeidast på andre måtar, ut frå andre føresetnader, og dette vert ei mogelegheit her.

Mange forskrarar har prøvd å utvikle ein generell teori for regime, men dei fleste har teke utgangspunkt i eit felt, og dinest prøvd å gjere funna på dette feltet generelle. Eg vel difor å halde meg til ein teori som er utarbeidd på eit saksområde som ligg nært opp mot tvungne miljømigrantar, nemleg klima og klimaendringar. Nærare bestemt har eg valt å støtte meg på tilnærminga kalla ”*Institutional Bargaining*”, heretter kalla institusjonell samhandling, som Oran R. Young står i spissen for.

Eg gjer nettopp dette av di eg meiner for det fyrste at problemstillingane han tek opp er fruktbare for mi problemstilling. For det andre er han oppteken av den same type leiing som eg er, og det gir dimed grunnlag for bruk på mi problemstilling.

Oran R Young tek utgangspunkt i regimedanning innan miljøsektoren, noko som set preg på det han skriv. Dette gjer at teorien ikkje nødvendigvis er like enkel å overføre til andre politikkområde, men eg meiner det er nok samsvar mellom desse feltene til å kunne bruke Young også når det kjem til tvungne miljømigrantar.

Fyrst og fremst har begge desse saksområda problem med å verte godkjende som internasjonale ”problem”. Både rundt klimaendringar og tvungne miljømigrantar går diskusjonen om dette er reelle problem, om enn på litt forskjellig måte. Ikkje alle godtek at klimaendringar er menneskeskapte, og hevdar det berre er normale endringar vi er vitne til. Dimed vert det heller ikkje ynskt å satse på tiltak for å hindre klimaendringane hjå desse, av di endringane er normale svingingar og dimed ikkje kan gjerast noko med.

Hos tvungne miljømigrantar er problemet litt annleis, men framleis er utslaget at ingenting vert gjort. Desse vert av mange sett på som økonomiske migrantar, og dimed ikkje eit problem i den forstand at dei skal ha rett på hjelp og assistanse i

noko form. Dei vert sette på som ei gruppe som prøver å utnytte dei goda som ein kan oppnå gjennom flyktningestatus.

Desse motførestillingane mot å i det heile godkjenne problemet, gjer sjølvsagt regimedanning innan desse felta særer vanskeleg. Utan eit problem er det ingen grunn til endring. Som Young påpeikar, det fyrste stadiet av regimedanning er å verte sett på den internasjonale agendaen og verte sett som eit verdig tema til forhandling. Utan dette vert det ikkje nokon debatt i det heile.

For det andre er det ein innlysande samanheng mellom dei to saksområda. Som eg allereie har nemnd er ein del av dei tvungne miljømigrantane vortne det som ein konsekvens av klimaendringane. Utan desse endringane i miljøet kring den opphavlege busetnaden til denne gruppa, ville dei aldri måtte ha bytta bustad. Ut i frå dette er det grunnlag for å gå ut i frå at regimedanning til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å møte dei same problema som innan klimaendring. Dimed er det òg grunnlag for å bruke den teoretiske utgangspunktet til Oran R Young.

### **3.3 Institusjonell samhandling**

Som dei fleste teoriar spenner denne òg over ei rekke element og delar rundt regime. I denne oppgåva er fokuset å sjå om det kan finnast teikn til at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte skipa. Dimed vil fokuset vere på den delen av teorien som kan seie oss noko om skiping av regime.

Som allereie nemnd hevdar Young at det er fleire fasar i ei forhandling. Kvar fase har sine viktige moment, men det vil ikkje seie at dei ikkje glir over i kvarandre.

Den fyrste av desse fasane vert ofte kalla for-forhandling eller ”Prenegotiation”. Denne inneholder alt som skjer fram til ei forhandling byrjar. Det vil seie å få temaet sett på dagsordenen. Utan ein debatt rundt eit tema og merksemd rundt ei sak, vil ho heller ikkje verte godkjend som verd ei forhandling.

Klimaendringane vart til dømes debattert i fleire fora, som media, både nasjonalt og internasjonalt og internasjonale organisasjoner, før forhandlingar vart sette i verk (Young 1994 : 83).

Neste steg er sjølve forhandlingsdelen, det vil seie samhandling med formål å kome til ei eins forståing av problemet og korleis ein skal løyse dette. Men at ei sak er kommet opp på den internasjonale agendaen til det punktet at det faktisk er mogeleg å få i gang forhandlingar, betyr ikkje dimed at det kjem ut eit regime alle er samde om i andre enden.

Forhandlingar kan drage ut over fleire år, og resultatet er ikkje alltid det nokon håpte eller trudde det kome til å verte (idem).

Til slutt har vi den siste, men for all del ikkje minst viktige delen, nemleg ”post negotiation”. Denne delen består i det som skjer etter at ein ferdig avtale er ferdig forhandla. Då må denne ratifiserast og implementerast i signaturalanda. Eit døme på kvifor dette kan verte den viktigaste delen finn vi i samband med Kyotoprotokollen. Denne kunne ikkje tre i kraft før ei viss mengd av underskrivarane hadde ratifisert han. USA signerte avtalen, men ratifiserte han aldri. På grunn av dette stod heile avtalen på spel. Men Russland enda opp med å ratifisere avtalen, og han trådde dimed likevel i kraft (Young 1994 : 85).

Ut frå dette kan vi fastslå at om det skal kome i stand noko regime for tvungne miljømigrantar må fylgjande vilkår vere oppfylde;

1. Problema tvungne miljømigrantar slit med, må settast på den internasjonale agendaen og verte godkjende som eit internasjonalt problem som krev internasjonal samhandling.
2. Det må finnast vilje til å gjennomføre forhandlingar for å hjelpe denne gruppa og gi dei flyktningestatus.
3. Dette må ratifiserast og implementerast av eit høgt tal statar og då særleg statar med innflytelse og påverkingskraft.

Eg har til no i oppgåva hevda at det ikkje er noko regime for tvungne miljømigrantar, og spørsmålet mitt er om det er noko regime i emning. Dimed vert det mest aktuelt å sjå på det første punktet, nemleg agendasetting. Eg må finne om det er teikn til at dette problemet kjem til å kome opp på den internasjonale agendaen som eit problem som krev internasjonal samhandling. Om dette finst ville det vore interessant å sjå om det er truleg at ei slik forhandling ville lukkast, men dette vert for omfattande for denne oppgåva.

### **3.4 Internasjonal innverknad**

Den internasjonale agendaen er eit særskilt omgrep. Kva han består i og kven som bestemmer kva som er på han er uklart. Dimed vert det heller ikkje enkelt å kunne fastslå korleis ein kan få ei sak sett på denne agendaen, og alle fall ikkje korleis få henne til å verte dominerande nok til å vere aktuell for regimedanning. Eit tema, i dette tilfelle tvunge miljømigrantar, må kome i søkelyset til ikkje berre media, men i medvitet til dei som styrer og påverkar, både nasjonalt og internasjonalt.

John Kingdon er ein av dei mest anerkjende forskarane innan ”agenda setting”. Han hevdar at for at ein ide eller eit tema skal kunne kome opp på agendaen, må han kome i eit ”mogelegheitsvindauge”. For å få eit slikt vindauge er det i fylgje Kingdon, kort fortalt tre separate delar som må til. Problemet, politikkutforming og politikk generelt må påverke kvarandre innbyrdes for å oppnå eit slikt vindauge og dimed få ei sak opp på agendaen (Kingdon 1995 : 166).

Oran R Young har òg fleire måtar å påverke for å oppnå internasjonal merksemd. Men sidan problemstillinga her er å sjå om det er teikn til skiping av regime, ligg interessa i å sjå om desse har hatt nokon effekt. Dimed vert det ikkje interessant å sjå på korleis ein kan påverke og metodar for dette. Det som vert interessant er å sjå om dei har hatt nokon effekt og gitt insentiv til å starte regimeforhandlingar. Denne effekten viser seg gjennom endring i regimesituasjonen til tvungne miljømigrantar.

Men for å finne dette må det òg vere nokon eller noko dei har påverka. Spørsmålet vert dimed kven eller kva dette er. Den mest anerkjende tesen innan regimeteori er at det må ein særdominant aktør til for å få til endring i det internasjonale samfunnet, men Young er ikkje einig her. Young argumenterer med at det er fleire regime som har vorte oppretta utan ein synleg hegemonisk faktor. Han hevdar at det nok er ujamn maktfordeling mellom forskjellige statar, men at det ikkje dimed er sjølvsagt at ein særskild stat alltid må ha internasjonal dominans. Hegemoniske statar er unnataket, ikkje regelen (Young 1994 : 89)

Derimot er det viktig å presisere at leiarskap ikkje dimed er uviktig innan institusjonell samhandling. Strukturelt leiarskap er viktig, det vil seie at nokon går føre og viser veg. Utan eit slikt leiarskap vil mest sannsynleg ikkje regime

verte skipa. Leiarskap er nødvendig for å oppnå eit regime, om enn ikkje tilstrekkeleg. Desse leiarane treng ikkje å ha makt i den forstand vi er vane med å tenkje på henne, men kan overføre makt til ein eventuell forhandlingssituasjon (Hasenclever mfl 1996 : 194-195)

Dimed treng heller ikkje leiaren i motsetting til kva ein realist ville ha hevda å vere ein stat. Leiarskap kan utførast av ein enkeltperson, ei gruppe land/folk eller ein organisasjon. Til dømes kan ein slik leiar vere ein statsleiar eller annan viktig person, eller ein sentral organisasjon. Eit godt døme på dette er Al Gore og det han har hatt å seie i klimaspørsmål. Derimot vil dette ikkje seie at desse kan gjennomføre skipinga av eit regime. Desse kan vere pådrivarar til eit nytt regime eller ei regimeendring, men det er berre statar som kan opprette det (Young 1994 : 88,90,114).

Dimed kan vi konkludere at for å få tvungne miljømigrantar til å kome på den internasjonale agendaen, og med dette meiner eg på eit høgt nok nivå til å få i gang forhandlingar, må det vere ei form for leiarskap og pressgruppe som ynskjer å få denne gruppa dit. Dei må oppnå ein felles ide om eit regime mellom viktige aktørar for å kunne opprette det.

Dette leiarskapet kan bestå av enkeltpersonar, grupper av land/viktige personar, organisasjonar osb med stor påverkingskraft som har vorte merksame på den situasjonen tvungne miljømigrantar er i.

I denne oppgåva kjem eg til å konsentrere meg om statar og leiande organisasjonar av di eg meiner det er blant desse vi finn dei mest sannsynlege leiarane. NGO'ar er gode påverkingskjelder, men i denne samanhengen har eg valt å konsentrere meg om dei fire største aktørane, og eg meiner det ikkje er nokon NGO'ar blant desse.

For å kunne svare tilfredstillende på problemstillinga til denne oppgåva skal eg difor finne om det er teikn hos viktige leiarar innanfor det miljøpolitiske området som ynskjer å ta opp spørsmålet om tvungne miljømigrantar med mål om eit eventuelt regime. I tillegg til dette er det viktig at desse same leiarane har ein sterk profil òg innan flyktningproblematikken. Det er desse to feltene som til saman utgjer dei feltene som tvungne miljømigrantar kjem inn under.

## **3.5 Karakteristikkar på regimeskiping**

Men kva skal desse teikna bestå i? Dette er ikkje like enkelt å gi svar på. Dette må vere teikn som gjer det truleg at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte oppretta. Det vil seie at desse aktørane må vise teikn til ikkje berre å ville skipe eit slikt regime, men òg ynskje ei leiande rolle innan dette.

Kva slike teikn kan vere er ikkje gjort noko studiar på, men igjen kan vi gå til klimaregimefeltet. Her er det gjort ei rekke studiar, og det som kan vere interessant for denne oppgåva er studiar på kva eit effektivt miljøregime er.

### **3.5.1 Effektive regime**

Målet for denne oppgåva er å finne ut om det er grunnlag for å seie at det kjem til å verte oppretta eit regime for tvungne miljømigrantar. Og det er i dette eg meiner at teoriane om effektivitet i eit regime kjem inn.

Eit effektivt regime er eit regime som verkar, det vil seie der reglane er sett slik at om desse vert fylgte so vil det gi forbetring i situasjonen. Dimed må dei som skriv under ein avtale, faktisk òg fylgje dei reglane som denne legg til grunn for at det skal vere effektivt. Handlingane til medlemsstatane kan dimed hevdast å vere heterogene med det regimet fastslår som riktig ”oppførsel”.

Om vi no tenkjer oss at desse karakteristikkane på eit regime, lat oss seie eit for tvunge miljømigrantar, er til stades før regimet i det heile er oppretta, vil dette kunne insinuere eit ynskje om eit slikt regime. Dimed kan det hevdast at om karakteristikkane for eit effektivt regime allereie er til stades, er det grunnlag for å tru at eit regime kjem til å verte skipa. Om desse karakteristikkane i tillegg kan finnast hos aktørar med påverkingskraft ovanfor andre statar, vil dette i endå større grad kunne tilseie at eit slikt regime er sannsynleg å verte skipa.

Som allereie nemnt, meiner eg at sidan klima og tvungne miljømigrantar er tema som går inn i kvarandre, kan òg teori frå det eine området førast over på det andre. Det vil i denne samanheng seie at teoriar som tek for seg å måle effektiviteten til eit klimaregime kan overførast til å måle effektiviteten til eit regime for tvungne miljømigrantar.

Effektiviteten til regime er eit mykje omtalt tema, der metodane har endra seg i løpet av dei siste ti åra, og då særleg med tanke på kva ein faktisk ser på. Det er ikkje interessant i denne oppgåva, men det som derimot er interessant er kva einingar ein brukar når ein skal måle om eit regime er effektivt eller ikkje.

Det har vorte utarbeidd ei rekkje kriterium som kan forklare om regime er effektive eller ikkje. Ein av dei som har teke for seg dette er Ronald B. Mitchell. Han har sett opp ei rekkje kriterium for å kunne måle effektiviteten til regime, og ikkje alle av desse er like relevante for å finne teikn på regimeskiping.

Når eg har sett på kriteria for måling av effektive regime, har eg difor konsentrert meg om dei eg meiner er relevante og som kan førast over til regimeskiping.

Dei eg meiner som er relevante hos Mitchell er fylgjande:

- Endringar i nasjonal lovgiving, politikkutforming og plandokument for medlemslanda
- Auka kunnskap og forståing av eit problem og dei mogelege løysingane innan dei forskjellige medlemslanda
  - o auka motivasjon for å unngå tvungne migrantar
  - o kan gi politikk endring og endring i oppførsel
- Medlemslanda lagar nye/forsterkar normer
- Medlemslanda er viljuge til å auke kostnader og betale for eit regime
- Medlemslanda er viljuge til å gjere investeringar som dei elles ikkje ville ha gjort fordi for dyre i utgangspunktet, men som dei no kan sjå langsiktig vinning i (Mitchell 2008: 95-98)

Desse tiltaka kan ikkje overførast direkte av di dei er tilpassa ei studie av effektiviteten til regime. Men ut i frå desse kan det utarbeidast ei rekke kriterium for å seie om det kan vere truleg at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte skipa.

Utgangspunktet vert dimed desse kriteria, men tilpassa den situasjonen dei skal måle.

Det eg ynskjer å få ut av ei studie i dette tilfellet er eit grunnlag for å kunne seie noko om sannsynet for at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte skipa. Dimed går òg hovudfokusset for kriteria i denne retninga.

### **3.5.2 Kriterium for regimeskiping**

Eit fyrste kriterium vert dimed at ei auka forståing for den situasjonen som tvungne miljømigrantar er i og kunnskap rundt denne gruppa og dei mogelege løysingane dei har kan vere eit teikn på endring. Dette vil kunne materialisere seg på fleire måtar, men eit auka fokus på dei som utsett gruppe eller godkjenning av eksistensen deira kan vere indikatorar på at det kan kome ei statusendring til deira fordel.

Dette er òg ein faktor som kan kjennast igjen frå Youngs tre steg for regimeskiping. Han hevdar at fyrste steget er merksemd og debatt rundt temaet. Dette hevdar han må til for at eit tema skal verte godkjend som verd ei forhandling.

Dette kan ikkje kome utan kunnskap om temaet, og dimed vert dette òg eit argument for å ta med kunnskap som karakteristikk (Young 1994 : 83)

Samstundes er ein viktig faktor for å få auka kunnskap om tvungne miljømigrantar og deira situasjon, å fyrst ha på plass kunnskap om klimaendringane. Tvungne miljømigrantar oppstår i det konsekvensane av klimaendringane materialiserer seg. Dette vil seie at om ein har kunnskap om klimaendringane, vil dette vere ein indikator på at det burde vere kunnskap om tvungne miljømigrantar.

Eit andre kriterium er endring av normer relaterte til tvungne miljømigrantar. I dag vert dei sette mest på som ulovlege immigrantar, noko som gir mottakarland rett til å avvise dei i fylge internasjonal rett. Om normene endrar seg til at desse vert sedde meir på som flyktningar, ville dette kunne ha ei bølgjeffekt til fordel for tvungne miljømigrantar.

For det tredje er det endring i det finansielle aspektet andsynes tvungne miljømigrantar som er viktig. Skiping av regime er som regel finansielt utfordrande, og dimed vil eit auka fokus på det økonomiske aspektet kunne gi indikatorar på at det er endring i systemet.

Eit siste kriterium vert dimed om det er noko endring i nasjonal lovgiving, politikkutforming eller plandokument med omsyn til tvungne miljømigrantar. Dette ville vere, om eg fann han, den største indikatoren på at det faktisk er ei radikal endring i haldning. Men samstundes er det òg den som eg finn minst sannsynleg at kjem til å openbare seg.

Kort oppsummert vert dimed dei fire kriteria fylgjande:

1. Kunnskapskriterium : Auka forståing og kunnskap om tvungne miljømigrantar og dei mogelege løysingane som er kjende
  - a. Dette kan visast på fleire måtar, til dømes gjennom eit auka fokus på tvungne miljømigrantar som gruppe med behov for assistanse
2. Haldningskriterium : Vektlegging av nye eller forsterka normer relaterte til tvungne miljømigrantar
  - a. Den generelle haldninga no er at denne gruppa er sidestilt med økonomiske migrantar utan noko form for rettar. Det interessante vert dimed om det er noka form for endring i denne jamstillinga.
3. Investeringskriterium : Nye investeringar som ein elles ikkje ville ha teke i samband med tvungne miljømigrantar
  - a. Under dette kjem òg vektlegging av at dette er eit føreståande finansielt problem, med ei auking i utgiftene som ei løysing

4. Politikkutformingskriterium : Endring i nasjonal lovgiving, politikkutforming og plandokument med omsyn til tvungne miljømigrantar

Denne lista gir ved fyrste augekast eit inntrykk av ein kumulativ skala. Og det kan ho og hevdast å vere. Det er lite sannsynleg å finne investeringar og politikkutforming utan at dei to føregåande kriteria er til stades. Derimot meiner eg at dei to fyrste kriteria er sideordna, det vil seie at ein stat godt kan ha kunnskap om tvungne miljømigrantar, men framleis ha haldningar som er negative mot denne gruppa. Det vert dimed ikkje ein kumulativ skala i streng forstand, men framleis med ein viss orden.

Det er òg difor eg har valt å sette desse fyrst, av di dette gir den mest logiske rekkefylgja i min analyse. Dei to siste byggjer naturleg på dei to fyrste, og gir dimed ein meir logisk analyse.

Eg forventar ikkje å finne alle desse hos kvar einskild. Men om ein eller fleire av desse er til stades saman med eit eventuelt fråvere, kan det diskuterast om dette er nok til å kunne indikere vilje til skiping av regime.

Ved utslag på desse kriteria, kan eg seie at det er truleg at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar vert skipa. Om eg derimot ikkje finn noko utslag på desse kriteria, er det lite truleg at eit slikt regime kjem til å verte skipa.

### **3.5.3 Operasjonalisering**

For å kunne bruke desse fire aktivt i analysen må eg fyrst operasjonalisere dei. Det vil seie å greie ut om korleis kvar einskild av desse kan finnast i dei dokumenta eg vel å analysere.

For det fyrste, kjenneteikn på auka forståing og auka kunnskap om tvungne miljømigrantar er relativt enkelt å definere. Om ein har denne kunnskapen, kjem han enkelt til syne når ein tek med tvungne miljømigrantar og den problemstillinga dei står ovanfor i utgreiingane sine. Det vil enkelt seie at desse er nemnd med eitt eller fleire av dei omgrepa som ein brukar på denne gruppa, eller ved å referere til dei eller deira situasjon.

Problemet med dette er sjølvsagt at ein kan sitte på kunnskap om denne gruppa utan å ville vedkjenne seg det, med dei konsekvensane dette måtte medføre. Men eg meiner dette berre gir ei ekstra djupne til analysen. Om eg kan finne at det er uttalt kunnskap om denne gruppa og situasjonen deira, vil det indikere nok eit steg på vegen mot full vedkjenning.

Normendring i haldningane til tvungne miljømigrantar er litt meir problematisk å finne ein enkel måte å måle. Dette gjeld særskilt i dei tilfella der tvungne miljømigrantar i det heile ikkje vert viste til.

Det vert dimed nødvendig å sjå på ikkje berre korleis desse vert omtala, men òg korleis ein generelt ser på både klimaendringar og migrantar/flyktningar. Ut i frå desse generelle haldningane kan det, saman med ein eventuell omtale av tvungne miljømigrantar, verte utarbeid peikepinnar på korleis haldninga til denne gruppa er.

Når det kjem til investeringar i samband med tvungne miljømigrantar, må det her igjen takast med i reknestykket at tvungne miljømigrantar ikkje nødvendigvis er nemnde. Dimed vert det igjen viktig å sjå på den generelle finansieringa av felt som ligg innanfor dei områda som òg dekkjer tvungne miljømigrantar og korleis desse er bygde opp. Dette, saman med eventuelle

meiningar om korleis eit eventuelt regime for tvunge miljømigrantar skal finansierast kan til saman gi eit bilet som viser kvar den einskilde aktør står.

Til slutt kjem det som faktisk er relativt enkelt, nemleg stadfestinga av endring i lovgiving, politikkutforming og plandokument. Her vil det vere naudsynt å finne faktiske endringar i dei dokumenta som er nemnde ovanfor, for å kunne seie at det har vore endringar.

### **3.6 Vegen vidare**

Eg ynskjer altso ut frå Youngs teori om institusjonell samhandling å sjå på dei fire aktørane som eg meiner er sentrale for denne problemstillinga, for å finne om desse viser teikn til å ville skipe eit internasjonalt regime for tvungne miljømigrantar. Desse teikna har eg definert som fire kriterium, som eg gjennom ein analyse skal bruke for å svare på problemstillinga.

# **4 Utval og metode**

Målet for denne oppgåva er å sjå om det kan finnast teikn til at det kan kome eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar. For å gjere dette har eg ut i frå teori kome fram til fire indikatorar som kan fortelje om det er teikn til endring i haldning med omsyn til tvungne miljømigrantar. Desse skal eg bruke i analysen som verkty for å kome fram til svar på problemstillinga.

I denne delen av oppgåva ynskjer eg difor å gjere greie for kva metodologiske problem problemstillinga har leidd til, samstundes som eg gjer greie for korleis eg har tenkt å gjennomføre analysen.

## **4.1 Analysegrunnlag**

Som grunnlag for analysen har eg valt å ta utgangspunkt i dokument publisert av kvar av dei fire aktørane. Dette vil seie at eg på grunnlag av desse fire aktørane skal seie noko om den større heilheita, noko som igjen vil seie at denne analysen utgjer ei form for casestudie. Desse fire er valt ut av di det eg kjem til å finne ut om desse, er talande for korleis problematikken rundt tvungne miljømigrantar vil verte handtert i nær framtid på det internasjonale plan.

Grunngjevinga for valet av desse aktørane har eg gjort greie for i introduksjonskapittelet, og eg kjem difor ikkje inn på dette her, men det er viktig å merke seg at desse ikkje er representative for heilheita (det vil seie alle dei andre aktørane). Derimot er det sannsynleg å tru at desse er viktige aktørar som kan sette i gang ein prosess som vil leie til skiping av eit regime for tvungne miljømigrantar. Om ein annan enn desse tek initiativ, meiner eg det er lite truleg at denne kjem til å oppnå noko utan støtte frå ein av dei aktørane eg har valt ut.

Dokumenta eg har brukt i analysen er altso henta frå desse fire aktørane og eg har igjen klassifiserast dei i tre forskjellige kategoriar. Dette meiner eg viser at desse dokumenta har breidde nok til å kunne svare på problemstillinga samstundes som dei alle tek for seg same tematikk.

#### **4.1.1 Dokument**

- Introduksjonsdokument

Kvar stat og organisasjon har ei rekkje dokument som er som ei form for introduksjon av dei sjølve. Desse tek ofte for seg, i kortform, kva dei einskilde meiner om ei rekkje tema og emne, og kvar dei stiller seg i debatten. Dette kan vere til dømes det første dokumentet ein får opp på informasjonssidene til ein stat på internett.

Desse dokumenta har eg valt å ta med av di eg meiner dei kan gi god innsikt i kva dei einskilde ynskjer at andre skal oppfatte som deira haldningar og meininger.

- Offentlege publikasjonar

Dette er dokument offentlegett gjort av kvar av aktørane med tanke på å opplyse og informere, og til dels påverke. Dimed vert dei interessante av di dei er eit uttrykk for kva kvar einskild legg vekt på og ynskjer å fremje av meininger. Desse er alle henta frå område som er relevante for tvungne miljømigrantar. Dette vil nærmere bestemt seie at dei alle er relaterte til flyktningpolitikken eller klimaspørsmål.

Dei dokumenta eg tilslutt har valt å bruke i analysen er dei som best viser kvar dei forskjellige aktørane stilte seg med omsyn til tvungne miljømigrantar.

- Fråseigner frå offentlege personar/tilsette

Sidan eg ynskjer å måle kva aktørane i seg sjølv meiner, og ikkje enkeltpersonane som arbeider for dei meiner kan denne kategorien vere litt villeiande. Men eg ynskjer å presisere at desse fråsegnene er valde ut i frå eit perspektiv at dei, på tidspunktet dei vert siterte, uttalte seg for den aktören dei representerar og dimed kan sjåast som ei forlenging av denne. Fråseigner kan ofte vise seg å gi eit klarare (og enklare) innblikk i kva som er den faktiske politikken til ein stat eller organisasjon.

Dei personane eg har valt ut er dimed alle personar med ei høg stilling innan det aktuelle feltet og den aktuelle aktøren. Desse er valde ut i frå eit synspunkt om at det dei seier speglar den dei representerer og at dei har innsyn i det som går føre seg hos den aktuelle aktøren.

#### **4.1.2 Innvendingar**

Eit problem som er felles for alle desse dokumenta er at dei er lagt ut av aktørane sjølv. Det gir eit einsidig bilet av kva aktøren sjølv vil at ein skal tru om han. Eit alternativ til dette kunne vere å inkludere kritiske røyster i analysen. Men sidan målet med denne oppgåva er å finne ut om aktørane faktisk er interesserte i tvungne miljømigrantar og om det er truleg at dei kjem til å skipe til eit regime til fordel for desse, vert dette irrelevant. Det er mest interessant å sjå korleis dei ynskjer å framstå, kva deira offisielle haldningar med omsyn til tvungne miljømigrantar er og kva som kan anast under dette.

Eit anna dilemma er at desse dokumenta kan verte tekne ut av ein potensielt viktig kontekst. Konteksten kan vere avgjerande ikkje berre for kva som står i eit dokument, men òg avgjerande for korleis det vert oppfatta. Eg må ta omsyn til konteksten som kvar tekst er skriven i, og bruke dette aktivt i analysen. Det er

vikting å bruke riktige ”briller” ved lesing av kvar tekst slik at eg ikkje legg vekt på uvesentlege sider eller tolkar delar av teksten feil (Bergström og Boréus 2005 : 27).

Eit siste mogeleg dilemma som er felles for alle desse dokumenta er at dei er alle på engelsk eller fransk. Dette kan sjølvsagt medføre feil i mi forståing av teksten i og med at ingen av desse er morsmålet mitt. Derimot ser eg ikkje på dette som eit reelt problem, meir som eit utfordring som må takast omsyn til.

#### **4.1.3 Innhenting av informasjon**

Alle dokumenta eg baserer meg på er dokument eg har funne gjennom søk på tilgjengelege internetsider. Med dette meiner eg dei offisielle nettsidene til kvar einskild aktør, der eg er viss på at det som vert publisert er meint å skulle representere kvar aktør. For å finne dei aktuelle dokumenta har eg brukt søkefunksjonen og søkt på alle kjende omgrep brukt på tvungne miljømigrantar. Dette kan sjølvsagt svekkje utvalet, av di det kan vere at ikkje alle offentlege dokument vert publisert i anna enn papirformat og tilgjengelege berre ved søk i arkiv.

Men sidan problemstillinga mi er å finne den offisielle tilnærminga til tvungne miljømigrantar, vert problemet litt annleis. Eg ynskjer å sjå på dei dokumenta som er opne og tilgjengelege for å kunne avgjere om dei er klare til å offisielt ta steg i retning av ein avtale til fordel for tvungne miljømigrantar. Nettopp dette kjem best fram ved å ta for seg dei dokumenta som er opne og lett tilgjengelege. Desse er laga for det breie publikum og då vil den uttalte haldninga til problemet vere lett tilgjengeleg og kunne vise kva dei er klare for å gjere av handlingar nett no.

Eit anna poeng er at for meg er ikkje alle desse dokumenta lett tilgjengelege. Det ville medføre store kostnader og tidsbruk om eg skulle oppsøke alle desse arkiva for å få desse dokumenta. Dette er ikkje mogeleg for meg, og har difor vorte nedprioritert.

Men, problemet med at ein legg ut ei slik mengd dokument fritt tilgjengeleg på internett er at det lett kan verte ein jungel som ein ikkje finn fram i. Det er dimed truleg at det kan vere dokument som eg burde ha med, som eg ikkje har funne. Men sidan eg har ei slik spreiing på dokumenta og eg har gjort eit utval av dei dokumenta eg har funne, som eg meiner fortel mest om den aktuelle aktøren og det eg ynskjer å sjå på, meiner eg desse dokumenta svarar til problemstillinga mi.

Eg har òg halde meg til ein avgrensa tidsperiode for å få dei mest oppdaterte og relevante dokumenta. Tidsperioden for kvar aktør vert avgjort av interne tilhøve, og desse er dimed forskjellige frå aktør til aktør. Dette kunne vore problematisk om eg skulle samanlikne desse aktørane i større grad enn eg skal her, men sidan det er spørsmål om den einskilde aktør si stilling vert dette ikkje eit problem. Grunngjevinga for dei forskjellige tidsperiodane kjem eg tilbake til seinare.

For å oppnå mest mogeleg relevante dokument, omhandlar desse ikkje berre immigrasjon, men òg klima. Dette kjem av at det er ei overlapping mellom desse to saksområda når det kjem til tvungne miljømigrantar. Dokumenta er difor av varierande art, men samstundes talande for det som er interessant her.

Eg ynskjer å sjå om det finnast teikn til at tvungne miljømigrantar kan verte anerkjende som flyktningar, og søker difor etter teikn på desse. Dimed må eg ta med dokument frå fleire politikkområde som alle kan ha innverknad på situasjonen til tvungne miljømigrantar.

Miljø og klimaspørsmål er òg relevante av di det er frå dette feltet at grunnlaget til flukt er lagt. Dimed kan det og vere at tvungne miljømigrantar kjem opp i desse samanhengane.

## **4.2     Oversikt over utvalet**

I jakta på interessante dokument og relevant informasjon er det for kvar aktør visse interesser og kontekstrelaterte fakta som må takast omsyn til. Dette vil no verte gjort greie for for kvar aktør.

### **4.2.1    Australia – midt i smørauget**

Fram til valet i 2007 var den offisielle australske haldninga at klimaendringar ikkje eksisterte, og dimed at klimaflyktningar var eit oppkonstruert fenomen. Etter valet kom den meir liberale Rudd regjeringa, som ikkje berre anerkjente klimaendringar og ratifiserte Kyoto protokollen, men òg oppnemnde ein eigen klimaminister (Dag og Tid 2009 : 6-7)

For å kunne seie noko om korleis haldninga til Australia er no, vert søket avgrensa til dokument datert etter valet i 2007, av di alle før dette vil vere utdaterte og dimed urelevante. Eg ynskjer dimed å sjå på dei dokumenta som er publisert etter valet i 2007 og fram til våren 2010.

Australia er i ei særstilling av aktørane i den forstand at dei har ein eigen klimaminister. Denne må ikkje forvekslast med miljøvernministeren som er ei anna stilling. Dette vil seie at det er to ministrar, immigrasjonsministeren er òg viktig, som begge arbeider med felt som kan påverke korleis tvungne

miljømigrantar vert behandla. Det er dimed viktig å sjå på dokument frå begge desse.

#### **4.2.2 USA – ei verdsmakt**

Som Australia fekk USA ei radikal endring i klimapolitikken sin etter innsettinga av Barack Obama i januar 2009. Den offisielle haldninga til USA vart synt gjennom ei særslig tilbaketrekt haldning, og somme ville òg seie fornekting av menneskeskapte klimaendringar.

Dette gjer at søkeret etter dokumentet avgrensar seg til etter dette. Dei dokumenta eg har funne er altso alle frå tidsperioden januar 2009 til våren 2010, for å kunne vere sikker på å arbeide ut frå dei rådande haldningane frå den amerikanske staten.

Alle statar er bygde opp litt forskjellig, og mens ein i Australia har to ministrar som handsamar klima og flyktingar, er det i USA éin minister for dette, nemleg Utanriksministeren Hillary Clinton. Det vil seie at søkeret òg har avgrensa seg innan eitt departement. Men sidan både klima og immigrasjon høyrer inn under dette departementet, er det fleire område innan dette departementet som er interessante å hente dokument frå.

#### **4.2.3 Europeiske Union - EU**

EU er ein union beståande av 27 statar og ei rekke av desse har stor påverkingskraft åleine. Sett saman med dei andre landa, er denne unionen ei endå større stemme i det internasjonale samfunnet.

Dokumenta som er valde ut frå EU, er stort i spenn når det kjem til tid. Dette kjem av at EU vil vere ein av føregangsfigurane når det kjem til klima og klimaendringar. EU har dimed over lang tid har vore merksame på dei utfordringane som kjem med desse. Men samstundes er EU ein stor organisasjon med stort byråkrati, og dimed tek det tid å få gjennom konkrete saker. Difor strekkjer dokumenta seg frå 2003 og fram til våren 2010 for å vise den fulle dimensjonen frå EU.

#### **4.2.4    Sameinte Nasjonar - SN**

Forskjellen mellom SN og dei andre aktørane eg ser på er sjølvsagt at SN er ein organisasjon utan noka reell gjennomføringsevne eller politikkutforming som ein stat eller EU (gjennom medlemsstatane) har. Men eg ser ikkje dette som noko problem, sidan SN er ei kjelde til stor påverkingskraft. SN har gjennom si kompetansebygging eit stort apparat som er ei stemme med autoritet i det internasjonale samfunnet. Dette ser vi til dømes av den rolla SN har spela i klimadebatten.

SN er ein mellomstatleg organisasjon som har arbeidd med temaet tvungne miljømigrantar sidan slutten av syttitalet. Dei har sett at dette er ein komande flaum lengre enn dei fleste, og dimed vert det vanskeleg å avgrense søket tidsmessig. Men sidan det er viktig å halde seg til dei mest oppdaterte dokumenta og SN sjølv har meint at dette spørsmålet må inn i ein eventuell klimakonvensjon, har eg avgrensa det til dei siste åra, og då særleg med vekt på dokument som har kome i samband med klimatoppmøtet i København.

Innan SN strukturen er det primært UNCHR som tek for seg flyktingar, og sjølv om alle SN organisasjonar har ein kjennskap til spørsmålet tvungne miljømigrantar, har eg halde meg til denne delen av organisasjonen.

### **4.3 Analysemetode**

Eg ynskjer å bruke dei tidlegare omtala indikatorane for å finne ut om det er truleg at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte oppretta. Desse skal eg bruke til å analysere dokument frå dei fire aktørane eg har valt ut, for å finne kva haldningar desse har med omsyn til eit mogeleg regime for tvungne miljømigrantar.

Nettopp dette meiner eg kjem best fram om eg tek for meg offentlege dokument som kvar av desse aktørane har publisert og offentlege fråsegner gjort av sentrale personar. Politikkutforminga til statar kjem til syne i offentlege dokument og offentlege fråsegner, og det vert difor naturleg å leite etter politikkutforming i desse (Bergström og Boréus 2005 : 13) Det vert dimed snakk om ein refleksiv målemodell for oppgåva. Det er i dokumenta eg vil finne biletet på haldningane, ikkje dokumenta som vil gi haldninga. No er ikkje eg ein ihuga sosialkonstruktivist, men eg ser at dette utgangspunktet stiller meg innan denne tradisjonen. Denne retninga meiner måten vi oppfattar og forstår verda på er sosialt konstruerte, nettopp gjennom korleis vi ordlegg oss. Korleis vi oppfattar verda er i fylje sosialkonstruktivismen vår måte å kategorisere verda, og denne måten kan endrast alt etter som måten vi omtalar ho på endrar seg (Philips og Jørgensen 2002 : s.5).

Ut i frå dei orda ein vel å bruke definerer ein ikkje berre seg sjølv og andre, men òg korleis ein ynskjer å stå fram (Mathisen – 2008). Dette gjeld òg politiske

vedtak. Desse vert førebudde og formulerte med ord, og vert so igjen fylgde opp av reglar og vedtekter som og er formulerte med ord (idem). Dette vil då seie at eg trur at kva ein seier og ikkje minst korleis ein seier det er viktig for korleis vi oppfattar verda og røynda (Jørgensen og Philips 2002 : s.5).

Metoden eg vel å bruke er difor kvalitativ tekstanalyse, med utgangspunkt i dei indikatorane eg har kome fram til tidlegare.

Ei anna mogeleg løysing ville vere å intervju personar innan embetsverket som har stor kjennskap til feltet. Desse kunne då uttalt seg om kva dei meiner er trulege haldningar og kva dei meiner kjem til å skje i spørsmålet rundt tvungne miljømigrantar. Det ville då vere snakk om eliteintervju eller informantintervju.

Eg ville då få fram den interne diskusjonen og haldningane, og kanskje kunne få eit betre innblikk i kva som skjer utanfor offentlegheita. Men denne ville ikkje nødvendigvis kome fram, av di dei kunne vere tilbakehaldne med denne. Det ville kunne gitt eit djupare inntrykk enn berre gjennom dokumentanalyse, men det ville og tilseie at problemstillinga måtta vinklast litt annleis. Det eg ynskjer å sjå er kva desse fire utvalde aktørane meiner og kva den offisielle haldninga deira er til tvungne miljømigrantar.

Eit siste problem med å bruke intervju er at dette er særskilt tidkrevande, og om eg skulle få fråsegner frå alle mine fire aktørar, ville det sannsynlegvis òg verte finansielt belastande. Difor har eg ikkje mogelegheit til å bruke denne metoden.

Å gjere andre former for tekstanalyse ser eg dimed på som lite tenleg for å kunne svare på problemstillinga. Eg meiner at å gjere ei kvalitativ innhaldsanalyse ved hjelp av dei kriteria eg har utarbeida vil gi ei valid innsikt i om det er truleg meg skipinga av eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar.

Valide svar får ein om får svar på spørsmålet ein har stilt ved å bruke den metoden ein har valt (Bergström og Boréus 2005 : 35) . Eg meiner at for å svare på mi problemstilling, er innhaltsanalyse den riktige metode, og at dette vil gi valide konklusjonar.

Når det kjem til reliabilitet, vert spørsmåla om nokon annan kan gjere denne analysen igjen og få same svara, intersubjektivitet, og om ein kan få same svaret om ein gjer same analysen på to forskjellige tidspunkt, intrasubjektivitet (Bergström og Boréus 2005 : 36).

For å oppnå intersubjektivitet har eg brukt ei rekke sitat frå teksten og refererar til denne i analysen. Dette gjer at om nokon ynskjer å sjekke eller gjere om analysen er det truleg at dei vil kunne kome fram til det same som meg.

Når det kjem til intrasubjektivite er dette litt verre. Om ein stiller det same spørsmålet som eg gjer i denne oppgåva om to år, og baserer seg på nyare dokument, er det truleg at ein vil få eit anna svar. Men dette er og naturleg, av di dette er eit felt under utvikling. Om ein finn same svaret ville dette i denne samanhengen vere meir urovekkande, om ikkje for meg, men for tvungne miljømigrantar.

Ut i frå dette vel eg no ågå vidare til sjølve analysedelen, der eg tek for meg aktørane ein for ein, og korleis dei svarar på dei fire før nemnde kriteria.

# **5 Analyse**

I det føregåande kapittelet har eg gått raskt igjennom metoden og utvalet av dokument som eg har gjort. Her skal eg no sette dette i samanheng med problemstillinga og teorien frå tidlegare kapittel.

Dette kjem eg til å gjere kvar aktør for seg, av di eg finn dette mest ryddig og oversiktleg. Kvar av aktørdelane er bygd over same lest, nemleg ein gjennomgang av dei fire kriteria, med utfyllande kommentarar og ei avsluttande samanliknande drøfting. Til slutt kjem ei felles drøfting av alle funna for å setje det heile i samanheng med den generelle teorien.

## **5.1 Australia**

Etter valet i 2007 har Australia gjennomgått ei radikal endring når det kjem til klimapolitikk. Ikkje berre har dei anerkjent at desse faktisk eksisterer. Men dei har òg sett i gang ei dramatisk politikkutforming på området.

Spørsmålet vert dimed om denne endringa er til fordel for tvungne miljømigrantar.

### **5.1.1 Kunnskapsauke**

For Australia sin del kan vi raskt slå fast at det har vore ei auke i kunnskapen rundt klima og klimaendringar. Det vert erkjent at desse faktisk er reelle og at Australia har eit ansvar å ta som industriland i den globale løysinga (Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade c). For å bøte på konsekvensane vert det lagt vekt på at Australia er forplikta til å hjelpe” ..its neighbours to adapt to climate change and is also helping develop low-emission

energy technologies..” (Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade a).

Fokuset kan dimed seiast å ligge på å hjelpe tredjeland i å tilpasse seg klimaendringane, gjerne gjennom teknologiske løysingar. Denne hjelpa skal igjen gå til dei områda som er mest utsette og minst truleg kan svare på utfordringane sjølve. Dernest må denne hjelpe og vere i samsvar med generelle utviklingsmål (Australian Government 2009)

Men dette går alt på kunnskapen om klimaendringar og korleis Australia har tenkt å bruke denne til å kunne svare på dei utfordringane som kjem. Tvungne miljømigrantar kan hevdast å vere ein del av desse konsekvensane, men vert ikkje teke med i desse dokumenta. Men dette kan ha med at dette er dokument som er meint for ein mogeleg klimaavtale.

I dei to publikasjonane som tek for seg den australske tilnærminga til flyktingar og forholdet til Stillehavslanda og klimaendringar, vert tvungne miljømigrantar tekne opp spesielt. I begge desse er det ein eigen del om det dei kallar ”people potentially displaced by climate change”, det vil seie menneske som potensielt kan bli omlokaliserte grunna klimaendringar. Her vert grunnane til at dei må omlokalisere diskutert, og den australske haldninga til dette gjort greie for (Australian Government, Departement of Climate change 2009, Australian Government, Departement of Immigration and Citizenship 2009).

Kunnskapen om tvungne miljømigrantar og situasjonen deira kan dimed seiast å vere tilstades. Dette vert spegla i fråsegner frå klimaministeren som i introduksjonen sin til ”Engaging our pacific neighbours on climate change”, framhevar at klimaendringar ”threatens to undermine..the viability of pacific Island countries” (Australian Government, Departement of Climate change 2009

: v). Dette gjentek ho i eit intrevju med Sky News der ho vedgår at klimaendringar er ein trussel mot øystatane i stillehavet ( Wong 2009).

Australia har altso ikkje berre kunnskap om klimaendringar, men om dei konsekvensane som kjem til å kome. Og herunder finn vi òg at det er kunnskap om tvungne miljømigrantar. Det er fokus på at dette er ei gruppe, som grunna klimaendringar kan få bruk for assistanse, og på annan måte enn den assistansen som kan utførast i opphavslandet. Problemet er at det saman med denne kunnskapen ikkje er noko referanse til kva ein faktisk har tenkt å gjere med denne gruppa (Australian Government, Departement of Immigration and Citizenship 2009).

### **5.1.2 Haldningar**

Eg har over slege fast at tvungne miljømigrantar ikkje er eit ukjent fenomen. Men dette vil ikkje nødvendigvis seie at haldningane med omsyn til denne gruppa har endra seg.

Tvungne miljømigrantar vert som sagt refererte til fleire gongar, både i publikasjonar og i fråseigner.

I det publiserte materialet er det eit relativt sterkt fokus på denne gruppa. Dette er nok påverka av den geografiske plasseringa, for når tvungne miljømigrantar vert nemnt er det alltid befolkninga på øystatane i Stillehavet det vert referert til. Grunnen til dette er nok ganske enkelt at dette er ei gruppe dei kan hevde ikkje ynskjer å flytte på seg. Dette er henta frå "The Niue declaration", som er ei felles fråsegn frå dei fleste øystatane i Stillehavet, der representantar for desse landa mellom anna ytrar eit ynske om å verte buande der dei opphavelig bur.

(Australian Government, Departement of Climate change 2009 : 12, Pacific Leaders Forum 2008)

Ein tvungen miljømigrant vert dimed sett på som ein person som ikkje ynskjer å omlokalisere. Og dimed vert standpunktet at ”Australia is committed to assisting our neighbours in the Pacific to realise their stated desire to stay in their countries by responding to these challenges”( Australian Government, Departement of Climate change 2009 : v).

Dimed vert tvungne miljømigrantar ei gruppe som frå Australia sitt synspunkt ikkje, for augneblinken, er ei gruppe som treng ekstra assistanse. Dei som treng hjelp, er innbyggjarane på øygruppene rundt i Stillehavet, og dei ynskjer ikkje å verte tvungne miljømigrantar.

Noko dei sjølv sagt ikkje kallar denne gruppa. Det vert ikkje vist til ”klimaflyktningar” eller eit anna kjent omgrep for denne gruppa, men ein snakkar i staden om ”menneske som kan måtte relokalisere grunna klimaendring” (Australian Government, Departement of Immigration and Citizenship 2009: 17). Men dei er komne med i publikasjonen ”Refugee and Humanitarian Issues”, noko som kan indikere at denne differensieringa ikkje nødvendigvis betyr at Australia ikkje ser at denne gruppa har mange felles trekk med flyktningar.

Senator Penny Wong understøttar dette med kommentarane i eit intervju med David Speers for Sky News, der ho innrømmer at det er ”differences of views between different nations ” når det kjem til klimatilpassing (Wong 2009) . Dette kan indikere at dei er klar over at den definisjonen dei har gjort med at tvungne miljømigrantar ikkje ynskjer omlokalisering ikkje gjeld alle.

Den allereie siterte kommentaren til immigrasjonsminister Chris Evans styrker dette inntrykket. Han innrømmer at klimaendringar er ein medverkande faktor til endring i immigrasjonsprogramma. Dimed innrømmer han implisitt at det kjem til å kome tvungne miljømigrantar til Australia.

Dimed vert det eit differensiert biletet vi har føre oss. På eine sida ynskjer Australia å framheve at dette er eit ikkje-problem med å fokusere på at dei som potensielt kan verte tvungne miljømigrantar ynskjer å verte verande der dei er. Men samstundes er det tydeleg at dei reelle faktata seier noko anna. Fråsegnene frå dei to senatorane viser at sjølv om dei begge ynskjer at det skal gå å stoppe bylgja med tvungne miljømigrantar, er dei klar over at det som faktisk kjem til å skje, kan vise seg å verte noko heilt anna.

### **5.1.3 Investeringar**

Når det kjem til den finansielle situasjonen rundt tvungne miljømigrantar, er det lite truleg at Australia slik det ser ut i dag ynskjer å gjere investeringar for å auke assistansen til desse.

Hovudfokuset for Australia er no å få auka støtta til tilpassing og hindring av klimaendringane. Dette har dei fremma i fleire internasjonale fora som Klimakonferansen i København og the Ad Hoc Working Group on Long-term Cooperative Action under the Convention (AWG-LCA).

Før København la Australia vekt på at det var viktig å få til ei løysing tidleg, for å hindre ei endå større kostnadsauke, både for ”global costs and the costs to individual countries” (Australian Government, Departement of Climate Change).

I innspelet sitt til AWG-LCA set Australia eit sterkt fokus på at ein treng ein signifikant auke i finansieringa av tilpassing og co2 reduksjonar. Dette må so gjerast ved å ”prioritising those most vulnerable and least able to respond to these impacts” og samstundes halde co2 utsleppa på eit minimim (Australian Government 2009)

Det er altsø ei todelt grunngjeving for ein eventuell auke i finansieringa av tiltak til hindring av co2 auke og tilpassing. For det fyrste vil det hindre vidare auke i kostnader, samstundes som det uansett trengst meir pengar til dei som er mest utsette.

For tvungne miljømigrantar kan dette tolkast på fleire måtar, men den mest nærliggande er å sjå dette i samanheng med kva vi har sett tidlegare. Det er ei generell haldning at ein framleis kan hindre denne flaumen av tvungne miljømigrantar gjennom å hindre vidare auke i klimaendringane og utbygging av tilpassingsmodellar. Dett gjeld og for den finansielle sektoren, der ein ynskjer å prioritere tiltak som kan gjere nettopp dette.

Dette vert støtta om vi ser på dei tiltaka som vert framheva. Nasjonalt vert det veklagt at Australia gjennom ei rekkje støtteprogram ynskjer å hjelpe dei som er utsette for klimaendringane ”sur place”. Ynsket er altsø at den assistansen dei skal gi finansielt skal gå til prosjekt og oppgåver som tek for seg å minske klimaendringane og auke tilpassingsdyktigheita.

Målet skal vere at midlar dei stiller til rådvelde for utviklingsland skal brukast til tilpassing, samstundes som dette skal støtte ”sustainable development”. Til dette har Australia utarbeidd ei rekkje program under paraplyen ”International Climate Change Adaption Initiative”. Saman med AusAID, som er det

australske bistandsprogrammet skal desse fordele den finansielle biten ut i frå kven som treng det mest for å auke tilpassing og reduksjonar i co2 utslepp (Australian Government, Departement of Climate change 2009).

Men poenget er at når Australia skal ta finansielle steg for å hjelpe dei som er utsette for klimaendringar, er det ei generell tanke at dette skal skje der dei allereie oppheld seg. Målet er at dei ikkje skal måtte flytte på seg, altså er grunnstoda at ein meiner at klimaendringar framleis kan hindrast i å verte so alvorlege at dei kjem til å føre til tvungen migrering.

#### **5.1.4 Store endringar**

I eit land der ein fram til 2007 ikkje vedgjekk at det gjekk føre seg klimaendringar i det heile, er det på dette området klart at det er kome store endringar. Men at desse har hatt overføringseffekt på stoda til tvungne miljømigrantar, er ikkje sikkert.

Etter valet vart det som sagt oppretta ein eigen klimaminister, for å koordinere arbeidet med klimaendringar. Dette har mellom anna ført til ei utarbeiding av ein eigen klimapolitikk, ratifisering av Kyotoprotokollen og samarbeid om assistanse for tilpassing til klimaendringar. Men dette har ikkje leidd til eit tilsvarande initiativ for tvungne miljømigrantar spesielt. Desse er ikkje nemnte som eit område der ein treng politikkutforming i samband med klimaendringar (Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade a,b,c).

Engasjementet for å hjelpe andre statar, og då særskilt innan det Australia kallar sin region, det vil seie Sør-Aust Asia, er ein konsekvens av denne auken i politikk mot klimaendringområdet. Australia har utarbeidd eit eige program som skal koordinere denne stønaden, ”the International Climate Change Adaption

Program". Dette er utarbeidd av di ein er klar over at ei rekkje klimaendringar er umogeleg å unngå, og det ynskjer ein å gjere noko med. Diverre for tvungne miljømigrantar er dette eit program som legg opp til tilpassing, og det på opphavsstaden. Ein omtalar ikkje i det heile at det for somme vil vere umogeleg å verte verande og dimed òg umogeleg å få denne assistansen (Australian Government, Departement of Climate change 2009, Australian Government, Departement of Climate Change a).

Det som er av ny politikk innan klima er altso retta mot nettopp klima. Desse er alle retta mot klimaendringar, ikkje mot dei humanitære konsekvensane av denne. Men det vil ikkje seie at det ikkje er utsikter til at dette kan kome. Immigrasjonsminister Chris Evans nemner i ein tale til "The National Member's conference of the migration Review Tribunal" at klimaendringar er ein faktor som kjem til å gi store utfordringar til immigrasjonsprogramma deira (Evans 2008). At dette er noko ein arbeider med, og som er noko som det vert utarbeidd politikk på som kanskje ikkje er offentleggjort, vert støtta av fråseigner frå klimaminister Penny Wong. I eit intervju med Sky News påpeikar ho at dette<sup>3</sup> er eit spørsmål som ikkje er viktig no, men om ei stund. Ho meiner at det er for tidleg til å ta stilling til dette no (Wong 2009).

Australia har dimed ikkje nokon spesiell ny politikk som tek for seg tvungne miljømigrantar direkte, men indirekte gjennom tilpassingsprogram. Men det kan verke som om dette er noko dei jobbar med, og på sikt kjem til å kome meir tilbake til.

---

<sup>3</sup> Dvs tvungne miljømigrantar

### **5.1.5 Australia og tvungne miljømigrantar**

Australia har dei siste åra utarbeidd politikk på ei rekke område relaterte til tvungne miljømigrantar der dei før ikkje har teke noko stilling. Men for tvungne miljømigrantar er det ikkje nokon særskild politikk.

Når dette vert sett i samanheng med den kunnskapen det viser seg at er til stades om tvungne miljømigrantar, verkar dette merkeleg. Ein skulle tru at om ein veit at dette kjem til å verte eit problem, vil ein førebu seg på det.

Men Australia kan seiast å ha gjort nettopp dette, sjølv om dei ikkje har politikk retta direkte mot tvungne miljømigrantar. Australia ynskjer å hjelpe dei som er utsette for klimaendringar der dei bur, og grunngjев dette med at denne gruppa i ”the NIU Declaration” ynskjer dette.

Dette kjem òg fram i dei investeringane Australia gjer, med å konsekvent gjere investeringar for å hjelpe dei som er utsette for klimaendringar der dei bur, utan noko tiltak til fordel for dei som faktisk må flytte på seg.

Men samstundes er det tydeleg at sjølv om ein ynskjer at dei fleste skal verte verande der dei er, innser ein at dette kanskje ikkje er realistisk. Både klimaminister Penny Wong og immigrasjonsminister Chris Evans har kome med fråsegrer som viser at dei er klar over eit potensielt omfang av tvungen migrasjon.

## **5.2 USA**

USA er ein av dei statane med størst påverkingskraft i det internasjonale samfunnet. Dette kjem ikkje berre av den finansielle situasjonen, men òg den

maktpoliske. Dimed vert det òg interessant å sjå kva dei meiner om tvungne miljømigrantar og om dei i det heile har noko politikk på området.

### **5.2.1 Kunnskapsløft**

I ein tale i SN i september 2009 tek Barack Obama opp temaet klimaendringar og konsekvensane av dei. Her dreg han fram at klimaendringar kan føre til stigande havnivå og fleire og kraftigare stormar, som igjen kan føre til at menneske må flytte frå lågtliggende øyar. ”And the time we have to reverse this is running out”.

Med dette viser Obama at det er kunnskap i systemet, noko han byggjer opp om mot slutten av talen der han igjen tek opp konsekvensane av klimaendringar. Han dreg fram ei rekkje konsekvensar, ”famine, drought, disappearing coastal villages and the conflicts that arise from scarce resources”, som kan leie til tvungen migrasjon, og avsluttar med å påpeike at det er dei rike landa si ”responsibility to provide financial and technological assistance needed..”

(Obama 2009)

Dette er nok det mest uttalte beviset på at kunnskapen er der, men ei vidare gjennomlesing viser at det er fleire teikn på at kunnskap om tvungne miljømigrantar er til stades. Eric P. Schwarts vedgår mellom anna i ei mediaorientering i september 2009 at klimaendringar er ein faktor til auke i dei humanitære behova på verdsbasis - ”humanitarian needs are growing, and they are growing due to a confluence of factors, including climate change”(Schwartz 2009).

Hillary Clinton nemner i samband med utnevnelsen av Todd Stern som spesialutsending til klimaendring, at klimaendringane kjem til å få ei rekkje konsekvensar, som igjen vil gi ”further migration of population” (Clinton 2009).

Todd Stern er òg innom temaet i same samanheng. Han viser til at det er ein del klimaendringar vi ikkje kan gjere noko med, anna enn å hjelpe dei mest utsette regionane (Stern 2009)

Ved fleire tilfelle kjem det i fråsegner fram at kunnskapen om tvungne miljømigrantar er til stades. Diverre finn denne ikkje vegen til andre offisielle dokument, som rapportar eller informasjonssider. Det nærmaste ein kjem er ein referanse til at ”environmental degradation” er grunn til migrasjon på introduksjonssidene til US State Departement<sup>4</sup> (US State Departement).

Kunnskapen om tvungne miljømigrantar er altso til stades både på byråkratinivå og statsleiarnivå, men dette kjem ikkje fram i offentlege dokument. Dette gir eit inntrykk av at ein ikkje endå er klar for å ta fast i temaet og gjere det om til handfaste mål.

### **5.2.2 Haldningar**

Sidan tvungne miljømigrantar ikkje vert nemnde spesifikt er det vanskeleg å seie noko om kva haldninga til desse er. Sjølv sagt er dette fråveret ein indikator i seg sjølv på den generelle haldninga. Og saman med den generelle haldninga til migrasjon og flyktningspørsmål kan dette seie noko om korleis stoda er.

Når det kjem til migrantar vert det poengtert at lovleg migrasjon er særdeles ynskjeleg. Det er òg desse som vert dregne fram som innehavarar av rettar, noko som gjer at desse vert oppfatta som motståande grupper i konflikt. Dimed kan det tolkast som om lovleg migrasjon er det same som flyktningar og all anna

---

<sup>4</sup> Det amerikanske utanriksdepartementet.

migrasjon, er ulovleg migrasjon (US State Departemen, a, United States Departement of State mfl, 2010).

Dette vert støtta av at dei einaste som kan kome til USA som flyktingar er dei som UNHCR har utpeikt, om vi ser vekk frå alle dei som kjem som lovlege innvandrarar, det vil seie dei med sokalla ”green card”. Ein person som ikkje kjem gjennom eit UNHCR program vil dimed heller ikkje verte oppfatta som flyktning, men ulovleg migrant (United States Departement of State 2010).

Dette tilseier at det er Flyktningkonvensjonen sin definisjon på flyktingar som ligg til grunn, og dimed òg at tvungne miljømigrantar vil kome i kategorien ulovlege migrantar.

I omtalen av kva hjelp ein skal yte til dei som vert påverka av klimaendringane vert det kategorisk peika på at dette er noko vi kan endre på.

Allereie på introduksjonssidene om klimaendringar vert desse omtalte som ”mogelege” klimaendringar. Det er viktig å dempe dei ”mogelege” klimaendringane, men kva konsekvensar desse ”mogelegvis” kan føre til vert ikkje nemnt (US State Departement,b).

Vidare er det eit sterkt fokus på ”mitigation”, det vil seie å hindre auke i klimagassutsleppa og tilpassing. Det er desse to som er hovudfokuset når ein skal hjelpe land som er utsette for klimaendringar, samstundes som desse skal kome saman med utvikling, og det er viktig at hjelpa ein yter skal gi ”sustainable development”. Og alt dette skal skje der klimaendringane finn stad, det vil seie utanfor USA (Stern, Todd 2009a, Stern, Todd 2009c).

Denne hjelpa skal vidare kunne koplast saman med amerikanske interesser. Det er ikkje berre viktig for USA moralisk og for å kunne halde på den leiande humanitære rolla at ein skal hjelpe utsette menneske, men òg for oppnå

kontaktar og oppnå framtidig samarbeid (Schwartz, Eric P, 2009a, Schwartz, Eric P, 2009b).

For å oppsummere dette, so er utgangspunktet at tvungne miljømigrantar ikkje er nemnde, og at ein dimed kan gå ut med ei grunnforestilling at desse er ignorerte. I tillegg vert det lagt vekt på at dei einaste migrantane som er sedde på som lovlege migrantar er dei som er viste til USA gjennom UNHCR, det vil seie flyktningar i følge Flyktingkonvensjonen. Og inn under denne kjem som tidlegare nemnt ikkje tvungne miljømigrantar.

Den hjelpa dei som er ramma av klimaendringane skal få, skal skje ”sur place”, og denne hjelpa skal vidare skje i samsvar med utviklingsmål. Det er ikkje nemnt at ikkje alle kan bli verande på opphavsstaden, eller kva ein ser for seg av mogeleg løysingar på dette. Sist men ikkje minst skal dette skje på stader der ein ser for seg framtidige samarbeid for amerikanske interesser. Dette vil nødvendigvis vere vanskeleg for dei som er så råka av klimaendringane at dei må flykte.

### **5.2.3 Finansar**

Sidan tvungne miljømigrantar ikkje i det heile er refererte til, vert det òg usannsynleg at det er gjort nokon finansielle omdisponeringar til fordel for desse. Den einaste visinga til dette er at dei ynskjer å støtte regional migrasjon finansielt, av di dei ”believes regional and inter-regional approaches allow for greater opportunity for concrete and practical outcomes than global discussions”. Og med regional, meinar dei på det amerikanske kontinentet, og ytrar dimed eit ynske om at migrasjon skal halde seg innan kvar verdsdel (US State Departement, a).

Derimot er det mykje snakk om den finansielle situasjonen til ein eventuell klimaavtale og den finansielle assistansen som skal hjelpe utviklingsland i samband med klimaendringane.

Ein eventuell klimaavtale må framforhandlast, ikkje minst på det finansielle plan.

Eventuelle kutt i klimagassar kjem til å koste, og det er viktig at dette vert fordelt over ei rekkje land (Stern 2009c). Dinest er det eit viktig poeng at dei tiltaka som vert sette i verk ikkje skadar det økonomiske miljøet. Økonomisk vekst må ikkje hindrast, og ein eventuell klimaavtale må ikkje hindre dette (Stern 2009a). Derimot skal klimakrisa omformast ”into an economic opportunity” som skal gi nye konkurransefortrinn (Clinton 2009).

Ein klimaavtale må dimed vere ein økonomisk fordelaktig avtale, som ikkje skal gi auke i utgiftene, men ei mogelegheit til auka vekst. Og det er ikkje nokon grunn til å tru at dette ikkje kjem til å vere tilfellet med ein avtale om tvungne miljømigrantar. Ein slik avtale må dimed vere økonomisk fordelaktig, eller i alle fall argumenterast å kunne vere det.

Dette vert igjen støtta av haldninga til finansiell støtte til dei som er ramma av klimaendringane. Det er viktig at denne ikkje berre hjelper dei som er utsette for klimaendringane, men òg fører til auka utvikling og økonomisk vekst. Denne veksten skal vidare ikkje berre kome dei som har fått støtta til gode, men òg amerikanske interesser(Schwartz 2009b, Stern 2009a).

Ei eventuell støtte til tvungne miljømigrantar må dimed kome ikkje berre desse til gode, men òg gi ei større gevinst for amerikanske interesser.

På den finansielle sida er det altso eit ynske om å yte bidrag til dei som er råka av klimaendringar, men dette skal vere der dei oppheld seg. Vidare er det viktig

at dette òg skal føre til økonomisk vekst, ikkje berre for motakarlandet, men òg bidragsytar.

Dette gjeld òg for ein eventuell klimaavtale, noko som kan dragast vidare til ein eventuell avtale om tvungne miljømigrantar. Denne må ikkje berre vere effektiv for tvungne miljømigrantar, men òg i eit vidare økonomisk perspektiv.

#### **5.2.4 Store endringar**

Mellom kjeldene mine har eg to rapportar som begge tek seg av flyktningspørsmålet i samband med amerikansk politikkutforming. Om det skal kome til eit nytt regime for tvungne miljømigrantar, burde det kome endringar i nasjonal lovgiving, politikkutforming eller plandokument i fylgje min teori.

Dimed må det i desse kunne finnast tiltak som kan insinuere dette for at vi skal kunne seie eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar er sannsynleg.

Og til ei viss grad kan dette finnast.

”Proposed refugee admissions for fiscal year 2010” opnar med å sitere utanriksminister Hillary Clinton i introduksjonen som seier at ”the United states is committed to supporting refugees and displaced persons”. Dette vil seie at USA forpliktar seg til å støtte flyktninger og menneske som er ”displaced”, altså ein som er forvist eller bortvist (United States Departement of State,mfl 2010;ii).

Og i nettopp dette siste kunne vi tru at tvungne miljømigrantar er innlemma.

Dette er jo ei gruppe menneske som har måtta flytte på seg mot sin vilje. I tillegg vert denne gruppa ofte omtalt som ”environmentaly displaced persons”, noko som kunne indikere at dette er meint å vise til desse.

Vidare påpeikar dei at for dei som ikkje kan returnerast, vil integrering på temporær, udefinert eller permanent basis vere den beste, og kanskje einaste

løysinga. Under dette nemner dei spesielt statslause personar, som USA ser på si rolle å passe på at desse får rettferdig behandling (United States Departement of State,mfl 2010; 1-2).

Problemet med desse to ”tilnærmingane” er at dei ikkje er meinte for tvungne miljømigrantar. Omgrepet ”displaced persons” er som regel berre brukt som eit anna omgrep for flyktning. Når ein refererer til menneske som skal få assistanse og hjelp, vert det alltid referert til at desse må kome inn under UNHCR sitt mandat, det vil seie under Flyktningkonvensjonen sin definisjon av ein flyktning (United States Departement of State,mfl 2010; ii). Dette vert vidare støtta av bruken av omgrepet ”vulnerable migrant”, eller spesielt utsett migrant. Dette er òg eit omgrep som ein skulle kunne tru famna om tvungne miljømigrantar. Men igjen er det asylantar eller flyktningar som er meint med dette omgrepet, om enn saman med offer for trafficking (United States Departement of State 2010 : 5).

Dette vert vidare understreka av fråveret av inkluderinga av tvungne miljømigrantar når det kjem til grupper som treng assistanse og hjelp, sjølv når dei snakkar om grupper som er utanfor flyktningomgrepet. Her inkluderer ein ei lang rekke grupper som vi òg finn under migrantomgrepet, men ikkje tvungne miljømigrantar (United States Departement of State 2010 : 23-24, 37).

Når det kjem til omlokalisering i USA er dette eit tilbod som, igjen, berre gjeld menneske som kjem under UNHCR sitt mandat. So sjølv om USA tilbyr omlokalisering til 50 % av dei flyktningane UNHCR har på verdsbasis kvart år, kjem ikkje tvungne miljømigrantar med i denne gruppa om dei ikkje samstundes kan kome inn under ein av delkategoriane for flyktning (United States Departement of State, mfl 2010; 3).

Det vert altso brukt ei rekkje omgrep og vendingar som kan gi inntrykk av at tvungne miljømigrantar skal inkluderast i den gruppa menneske som får assistanse frå USA. Men ved nøyare gjennomlesing er ikkje denne gruppa inkludert i desse omgropa. Dei famnar om ei lang rekke menneske, men ikkje dei som er omlokaliserte grunna miljøendringar.

Eit anna teikn på at tvungne miljømigrantar endå ikkje er med i den generelle politikkutforminga, er fråveret av omtale i seksjonen som omhandlar program for kvar verdsdel i ”Proposed refugee admissions for fiscal year 2010”. I denne delen av rapporten vert utviklinga i flyktningomfang og utviklinga generelt i dei forskjellige regionane omtala. Her er det eit totalt fråvere av å i det heile nemne tvungne miljømigrantar eller klimaendringar som ein grunn til bevegelse av busettader (United States Departement of State, mfl 2010; 19-49). Dette er elles eit generelt teikn som kan sjåast i begge desse rapportane (United States Departement of State,mfl, 2010,United States Departement of State,mfl 2010).

Det kan altso ikkje seiast når ein tek for seg flyktningpolitikken til USA at han omtalar, eller i det heile tek høgd for at tvungne miljømigrantar i det heile eksisterar. Det er heller ikkje teikn på at klimaendringar som faktor til folkeflytting er tekne med i konsekvensutgreiing.

### **5.2.5 USA og tvungne miljømigrantar**

Ein kan ved fyrste augesyn få inntrykk av at tvungne miljømigrantar er ein del av den gruppa menneske som skal få assistanse frå USA. Men dette gjeld ikkje tvungne miljømigrantar, av di desse vert definerte som ulovlege migrantar. I den amerikanske flyktningpolitikken er ikkje tvungne miljømigrantar omtala og det er i det heile få teikn på at denne gruppa i det heile eksisterer.

Men samtidig kjem det fram i fråsegner at kunnskapen om desse er til stades, som til dømes i Obama sin tale. Diverre finn denne ikkje vegen til andre offisielle dokument, noko som viser at tvungne migrantar ikkje er ein del av den amerikanske offisielle politikken.

Når det kjem til omtalen av dei som er ofre for klimaendringar skal desse hjelpast der dei bur. At dette i alle tilfelle ikkje er mogeleg vert ikkje teke høgd for. Denne hjelpa skal vidare vere økonomisk lønnsam, både for mottakar og givar.

## **5.3 EU**

EU er ein stor organisasjon med ei rekke medlemsland. Dette vil seie at det er mange stemmer som skal høyrast før ei eventuell endring i politikken kan skje. Dette gjer det ekstra interessant for denne oppgåva å bruke EU om aktør. Ei eventuell endring her vil ha mange røyster og land bak seg, noko som kan gi stor og brei påverkingskraft.

### **5.3.1 Kunnskapsauke**

EU har lenge vore merksame på klimaendringar og konsekvensane av dei. Allereie i 2003 publiserte kommisjonen ei innstilling til rådet og parlamentet der dei konstaterer at klimaendringar skjer no. Desse klimaendringane vil få konsekvensar som vil ramme dei därlegast stilte. Vidare framhevar dei at konsekvensane av klimaendringane kan føre til ”une augmentation des déplacements permanents ou semi-permanentes de populations” (Commission des communautés européennes, 2003 : 6, 11 og 13).

Dette inntrykket vert vidare forsterka av nyare dokument. I kommisjonen sitt innspel til klimaendringar og internasjonal tryggleik frå 2008, vert det framheva at klimaendringar kan vere ein av grunnane til at migrasjon ”is likely to intensify”. Særleg landa i Sør-Aust Asia med få høgdemeter vert dregne fram som utsette område der klimanedringar kan føre til konfliktar som vil føre til migrasjon (Commission of the European Communities, 2008a : 6-7).

Vidare framhevarrådet i konklusjonen sin på klimaendringar og utvikling frå november 2009 at migrasjon er ein av dei negative effektane av klimaendringar. Dette er og eit fenomen som ikkje berre kjem til å auke presset på nasjonalt plan, men òg internasjonalt (The Council of the European Union, 2009 : 3). Ut i frå dette kan vi seie at EU sit med kunnskapar om tvungne miljømigrantar, og at dei dreg fram desse som spesielt utsette grupper i samband med klimaendringane.

Alle desse dokumenta er interne dokument med informasjon som i teorien berre går mellom dei forskjellige instansane i EU. Dimed kan det hevdast at EU har kunnskap om denne gruppa, men ikkje at dei går ut offisielt med han. Dette vert motbevist om vi ser på brosjyra ”Climate Change”, utgjeven av Kommisjonen i 2009. I denne vert det framheva at om havnivået stig so mykje som frykta vil dette truge ”the existence of low-lying island states and coastal communities”(Commission of the European Communities, 2009a: 2).

Det kan dimed hevdast at EU ikkje berre sit på kunnskap om tvungne miljømigrantar, men òg at dei er villige til å ta denne med i ei eventuell politikkutforming.

### **5.3.2 Haldningsendring**

At klimaendringar vert anerkjende som ein grunn til auka migrasjon og at dette òg kjem fram i informasjonsdokument, er gode teikn for tvungne miljømigrantar. Dette vil seie at ein er merksame på dei som gruppe. Og det gir eit fyrsteinntrykk av at haldningane til denne gruppa er positive, av di ein i det heile har anerkjent dei.

Dette vert vidare forsterka om vi ser på haldningane til klimaendringar. Desse vert først og fremst framheva som grunnar til handling for å hindre ei vidare auke av klimagassutslepp. Men dei vert òg sett på som uunngåelege, sjølv med ein dramatisk nedgang i utslepp. Det vert difor vektlagd at konsekvensane til klimaendringane må dokumenterast for å kunne førebu tilpassinga (Commission of the European Communities, 2008a : 1, Commission of the European Communities, 2009a : 4).

Når det kjem til direkte omtale av tvungne miljømigrantar er omtalen litt meir variert, og avhengig av kontekst. Til dømes vert tvungne miljømigrantar omtala som ein aukande trussel mot EU i ”Climate change and international security”. ”..the risk is not just of humanitarian nature; they also include political and security risks that directly affect European interests” (Commission of the European Communities, 2008a : 2). Her vert det òg framheva at klimaendringar kan gi auke i migrasjon, og denne vert sett på som ein potensiell trussel, særleg på grunn av EU si geografiske plassering (Commission of the European Communities, 2008a).

Dette vert vidare støtta av immigrasjonspolitikken. Illegal immigrasjon skal nedkjempast, og med dette meiner ein gruppene som ikkje kan kome inn i flyktningkategorien. Ein skal sjølvsagt halde seg til dei gjeldande menneskerettane, og ”other categories of immigrants should be given the chance

and the means to enter and reside legally in the EU” (Commission of the European Communities, 2008b).

Men dette må absolutt sjåast i samanheng med konteksten det er skrive i. I samband med internasjonal tryggleik er dette dokumentet meint å ut i frå eit trusselperspektiv gjere greie for dei største mogeleg trusselbileta. Og det er i samanheng med ressurskonfliktar og ukontrollert migrasjon tvungne miljømigrantar vert sette på som ein trussel, ikkje som ein trussel i seg sjølv. I tillegg vert det framheva at det trengst meir forsking på migrasjon og korleis denne vil påverke EU, dei er dimed ikkje bastante i haldningane sine (Commission of the European Communities, 2008a).

Når det kjem til immigrasjonspolitikken er dette meint som eit dokument som skal ta føre seg den generelle immigrasjonsstoda. Denne tek difor for seg alle typar og former for migrantar. Tvungne miljømigrantar vert derimot tekne opp innan andre politikkområde.

EU påpeikar at dei som er mest utsett for klimaendringane er dei som ikkje berre har gjort minst for å framkunde dei, men òg dei som er dårlegast rusta til å tilpasse seg desse. Dette ynskjer EU å gjere noko med gjennom bistand og teknologioverføring til dei som treng det mest. Desse som her vert meint er utviklingslanda og øystatane i Asia.

Det vert framheva at EU har ei viktig rolle som støttespelar for desse landa, og ”emphasizes the need for a shift towards a long-term strategic approach” (Commission of the European Communities, 2008a : 2). Ei lang rekke tiltak støtta av EU skal kome desse landa til gode, som til dømes tilpassing, mattrygging, risikoredusering, rein utvikling osb. Og spesiell merksemrd må kome dei som er mest utsette til gode (Commission of the European Communities, 2007, Sheeran, Josette 2007)

Dette vert vidare støtta av EU si innstilling før Klimatoppmøtet i København. Her vert det lagt vekt på at hjelp til utviklingslanda som er særslig utsatt for klimaendringane må kome mellom anna gjennom UNFCCC sine fond. Dei vedkjem seg også konsekvensane av klimaendringane, og ”STRESSES the need to step up efforts to further exploit synergies between the UNFCCC and other UN conventions” (s.10). Her er det nok i fyrste omgang peikt på overføring av teknologi og kunnskap for å auke tilpassingsevna i land med dårlige tiltak (The Council of the European Union, 2009b).

EU kan dimed seiast å gi eit litt ambivalent bilet av sine haldningar til tvungne miljømigrantar. På den eine sida vert det framheva at det kjem til å kome ein auke i talet på migrantar grunna klimaendringar. Men samstundes ynskjer dei å hjelpe desse som potensielt kan verte tvungne miljømigrantar med tilpassing gjennom overføring av teknologi og kunnskap. Dimed vert det nærliggande å tru at dei ynskjer å demme opp for den komande flaumen av tvungne miljømigrantar.

### **5.3.3 Finansar**

Dette vert vidare forsterka om vi ser på den finansielle prioriteringa til EU. Når det kjem til bistand og utviklingshjelp skal denne koordinerast med klimaendringar. Den finansielle som den teknologiske støtta skal vere direkte medverkande til auka tilfang av kunnskap om tilpassing til klimaendringane og ei utvikling som ikkje leier til ein auke i klimagassutslepp (Commission of the European Communities, 2007).

EU ser på seg sjølv som ein føregangsfigur innan bistand, og hevdar å vere ”première source de financement humanitaire dans le monde”. Og inn i dei generelle tiltaka mot fattigdom skal det og kome klimamål. Dette er for å hindre ein økonomisk vekst som òg gir auke i co2 utslepp (Commission of the European Communities, 2007, Sheeran, Josette 2007).

EU ynskjer altso å finansiere tilpassingstiltak til klimaendringane, med vekt på dei som for det fyrste òg fører til utvikling, men samstundes ikkje gir auka klimagassutslepp.

Men det er òg viktig å påpeike at dei ikkje ynskjer å vere åleine om å gjere dette. For det fyrste vert det framheva at dei einskilde medlemslanda òg må gi pengar. Det vil seie at den finansielle støtta ikkje berre skal kome frå EU administrasjonen, men ”it's essential for Member states to contribute to it”. (Commission of the European Communities, 2007 : 9).

For det andre ynskjer EU at finansieringa av desse tiltaka skal kome gjennom UNFCCC avtalen. Med dette meiner ein ikkje at det berre er frå denne kjelda det skal kome tilskot, men at desse tiltaka òg må inn i ein eventuell avtale. Dei argumenterer med at det er nødvendig å ikkje berre syte for å få ned utsleppa, men òg for konsekvensane tidlegare utslepp kjem til å få (The Council of the European Union, 2009b).

Det kan dimed hevdast at EU ynskjer gjennom finansiell støtte, både frå organisasjonen, medlemsstatane og UNFCCC, å auke tilpassinga til klimaendringane. Dette kan sjåast som eit ledd i ein større samanheng, nemleg å hindre talet på tvungne miljømigrantar å verte for høgt.

### **5.3.4 Store endringar**

EU er ein union som består av nærmare 30 statar. Dette gjer at ei endring i politikken til unionen ikkje er noko som skjer over natta. Men det gjer òg at diskusjonen i forkant av eventuelle endringar kan vektleggast ei viss betyding.

Per dags dato er det ikkje nokon store endringar i EU sin offisielle politikk eller lovgiving. EU har i både immigrasjonspolitikken sin og klimapolitikken ikkje noko anna tilvising til tvungne miljømigrantar enn det vi har sett ovanfor. Men ingen av desse dokumenta som er brukt ovanfor, er plandokument eller lovgiving. Derimot kan det hevdast at desse er eit utgangspunkt for politikkutforming.

Her er det særleg Rådets konklusjon på klimaendringar og utvikling (Council conclusions on climate change and developpement) som kan gi ein peikepinn på korleis den framtidige politikkutforminga kjem til å sjå ut. Her er det fleire interessante moment. For det første vert migrasjon framheva som ein av dei negative konsekvensane til klimaændringar. For det andre ser EU på det som ei ”important role to play in supporting developing countries that are particularly vulnerable to the adverse impact of climate change”. Og for det tredje er det for EU viktig med eit perspektiv som òg tek for seg dei langsiktige konsekvensane (The Council of the European Union, 2009).

Dette støttar opp om det som er funne tidlegare i analysen. Tvungne miljømigrantar er med i reknestykket når ein tenkjer klimaendringar, men dei vert sette inn i eit lengre perspektiv. Dette gjer at ein ynskjer å bruke tilpassing som ein faktor for å minske auken i talet på migrantar (idem).

### **5.3.5 EU og tvungne miljømigrantar**

EU er ein av dei aktørane som har ei sterk oppfatning av tvungne miljømigrantar. EU sit definitivt på kunnskap om tvungne miljømigrantar som dei òg brukar i utgreiingane sine om klimaendringar. Dei viser til at denne gruppa er særskilt utsett for klimaendringane og har eit stort behov for assistanse.

Vidare ynskjer dei å hjelpe desse som potensielt kan verte tvungne miljømigrantar med tilpassing gjennom overføring av teknologi og kunnskap. Dei har i utgangspunktet ei litt ambivalent haldning til tvungne miljømigrantar, men avviser dei ikkje totalt som utan rett på hjelp.

Men denne støtta må kome frå andre òg, ikkje berre EU sentralt. EU ser gjerne at denne kjem under UNFCCC paraplyen, samstundes som dei er nøyne på at den støtta som skal kome skal vere for å auke tilpassing. Dimed kan det seiast at ynsket er å hindre talet på tvungne miljømigrantar, samstundes som det ikkje vert avvist at desse treng assistanse.

Tvungne miljømigrantar er med i reknestykket når ein tenkjer klimaendringar, men dei vert sette inn i eit lengre perspektiv. Dette gjer at ein ynskjer å bruke tilpassing som ein faktor for å minske auken i talet på migrantar.

## **5.4 Sameinte Nasjonar**

SN er den desidert største internasjonale organisasjonen i verda i dag. Han har ei enorm bredd og tek for seg ei lang rekke område av internasjonal politikk innan dei einskilde fagorganisasjonane. Ein av desse er United Nations High Commissioner for refugees (UNHCR), som tek for seg flyktningar og rettane deira. Dimed vert det òg interessant å sjå kva denne organisasjonen har å seie om tvungne miljømigrantar.

### **5.4.1 Kunnskapsauke**

Som tidlegare nemnd har SN lenge sett at tvungne miljømigrantar er ei veksande gruppe. Dei har difor god kunnskap på området i dag og dei har eit vedvarande fokus på denne gruppa.

Og dette vert støtta både i publikasjonar og fråsegner frå tilsette.

I publikasjonane generelt er det eit ynske om å opplyse om tvungne miljømigrantar og vilkåra deira. Saman med ei rekke andre organisasjonar har dei til dømes publisert to innspel til Ad Hoc Working Group On Long-Term Cooperation Action under the Convention (AWG-LCA), høvesvis sesjon 5 og 6. Begge desse tek for seg tvungen migrasjon i samband med klimaendringane. Desse viser at sjølv om dei ynskjer auka empirisk kunnskap om temaet, har UNHCR stor kunnskap om denne gruppa og dei løysingane som kan vere aktuelle (UNHCR 2009c, UNHCR 2009d).

Dette vert eksplisitt vist med visingar både til grunnlaget for tvungen miljømigrasjon og estimat på kor mange det kan vere snakk om og kvar desse mest sannsynlegvis kjem til å kome frå (UNHCR 2009d). I tillegg kjem dei med konkrete innspel på korleis denne gruppa kan inkorporerast i ein mogeleg miljøavtale for å gi desse assistanse (UNHCR 2009c)

I tillegg har dei gitt ut to flygeblad som skal opplyse ikkje berre om klimaendringane, men òg dei humanitære konsekvensane av desse. Dei viser korleis UNHCR jobbar opp mot klimaendringane og tvungne miljømigrantar. Her dreg dei fram spesielt at somme av desse vil kome under UNHCR sitt mandat, men at denne gruppa kjem til å verte so omfattande at fleire tiltak må til for at alle som treng hjelp skal få det – ”the world needs solutions”. Det vert i

tillegg drege fram at UNHCR ynskjer å arbeide for at desse skal bli tekne hand om, gjerne under ein felles miljøavtale (UNHCR 2009a, UNHCR 2009b).

Fråsegner viser òg at dei sit inne med stor kunnskap om tvunge miljømigrantar. SNs høgkommisær for flyktningar, Antonio Guterres, vert til dømes sitert i 2009 på at tvunge miljømigrantar er i eit ”protection gap” og at det trengs eit nyt ”lega instrument” for å kunne ta seg av denne gruppa (Flemming 2009). Dette vert understreka av L Craig Johnstone, som er visehøgkommisær, og som ikkje berre på peikar at klimaendringar kan gi ”large scale human displacement”, men understøttar dette med empiriske fakta (Johnstone 2008a, Johnstone 2008b)

Derimot, om ein tek eit raskt blikk på UNHCR kan ein få inntrykk av at dei ikkje har noko innsyn i saka til denne gruppa. På introduksjonssidene både om migrasjon og flyktningar er denne gruppa fråverande (UNHCR a, UNHCR b). At det ikkje er vist til tvunge miljømigrantar i det heile på desse sidene meiner eg er ein indikator på at UNHCR ikkje ynskjer å blande desse saman med verken migrantar eller flyktningar. Dei ynskjer på den eine sida å halde denne gruppa utanfor den vanlege definisjonen av flyktning, samstundes som dei ikkje meiner at desse menneska er reine migrantar.

Det kan dimed konkluderast at UNHCR har gode kunnskapar om både tvunge miljømigrantar sin situasjon no og i framtida, og kva mogelege løysingar som ligg føre. Men denne vert ikkje brukt til å argumentere for ei inkludering av denne gruppa i det eksisterande regimet. Derimot vert det argumentert sterkt for at det burde oppretta eit eige regime for tvunge miljømigrantar. Dei er særspesifikke på at det ikkje vil vere ynskjeleg å definere tvunge miljømigrantar saman med ”ordinære” flyktningar, og dei opererer sjølve med ein sterk distinksjon mellom desse to gruppene.

### **5.4.2 Haldningar**

Tvungne miljømigrantar vert ofte omtala som nettopp det, migrantar. Men SN er nøye på dette, og omtalar ikkje denne gruppa som migrantar. Samstundes er dei òg nøye med å presisere at dei heller ikkje er flyktingar.

Til dømes, i dei to før nemnde introduksjonssidene til UNHCR om migrasjon og flyktingar, vert det ikkje vist til tvungne miljømigrantar i det heile. På sida om migrasjon vert det nemnt at migrasjon kjem av ei rekkje grunnar, men miljø eller klima vert ikkje nemnt spesielt (UNHCR b). I samband med flyktingar vert det heller ikkje presisert i kva boks ein ville ”putta” tvungne miljømigrantar, men det vert peika på det faktum at migrantar og flyktingar er ”fundamentally different”.

Dei framhevar altso forskjellane mellom desse to kategoriane<sup>5</sup>, utan at tvungne miljømigrantar vert definert som verken den eine eller den andre.

Ved å sjå på andre tekstar, tek dette plass i eit større biletet. Når L.Craig Johnstone argumenterer for auka merksemrd rundt tvungne miljømigrantar, framhevar han samstundes med å vise til grunnane til at denne gruppa treng assistanse, at desse menneska ikkje berre kan verte omdefinerte til ”ordinære” flyktingar. Dette ville ikkje UNHCR sin struktur (eller finansiering) tolke (Johnstone 2008b).

José Riera dreg dette vidare, og peikar på at dette er ei gruppe som treng assistanse, men som dett mellom fleire stolar, og dimed ikkje oppnår den hjelpa dei både treng og har krav på (Riera 2008).

---

<sup>5</sup> Det er verd å merke seg at dei ikkje tek stilling til om den eine eller andre gruppa har meir rett på assistanse enn den andre, men dei brukar reint lovmessig differansiering.

UNHCR går dimed til det lengste for å unngå å definere denne gruppa som migrantar. Dei viser at dette er ei gruppe som på grunn av klimaendringane ikkje kan verte buande der dei er (UNHCR 2009d) og at dei har mange likheitstrekk med ”ordinære” flyktingar (UNHCR 2009a), samstundes som dei ikkje vert definert som dette (UNHCR 2009c)

Haldninga til UNHCR kan dimed karakteriserast som delt, men til fordel for tvungne miljømigrantar. Dei ynskjer ikkje å late denne gruppa kome inn i flyktningedefinisjonen, samstundes som det vert sterkt vektlagd at denne gruppa ikkje er vanlege migrantar<sup>6</sup>, men ei gruppe med behov for spesiell assistanse.

Eit anna aspekt når det kjem til haldningssida, er den vekta UNHCR legg på at det burde framforhandlast ein avtale. Dette seier dei ganske eksplisitt utan å leggje noko spesielt ansvar, anna enn at det vert påpeikt at dette må vere ein del av dei generelle klimaforhandlingane, med den ansvarsbyrda som vi òg finn der. Men det kan anast ein viss frustrasjon òg her. L. Craig Johnstone seier det mest eksplisitt ved å påpeike at ”we must accept that there will be negative effects of climate change no matter what”, noko som kan antyde at det er ein viss tilbakehaldenheit hos ei rekkje land for å innsjå at det kjem til å kome slike konsekvensar som auka tal på tvungne miljømigrantar (Johnstone 2008b).

### **5.4.3 Investeringar**

Når UNHCR snakkar om tvungne miljømigrantar, vert det alltid brukt store tal. Sjølv når dei minste estimata vert brukt er det snakk om 6 millionar nye ”flyktingar” i året. Dette vil vere eit ”quantum leap” for ein organisasjon som i

---

<sup>6</sup> Og kalla økonomiske migrantar

dag berre kan ta seg av ein halv million ”nye” flyktingar årleg (Johnstone 2009a,2009b)

Finansielt vil dette seie at om UNHCR skal ta seg av desse menneska må det kome meir finansar til dette. Men UNHCR sjølv ser for seg ei anna løysing, både finansielt og organisatorisk.

UNHCR argumenterer for at klimaendringar og tvungne miljømigrantar går hand i hand. Det trengst dimed ikkje berre finansiering av tilpassing og hindringa av auke i klimagassutslepp, men òg til dei humanitære konsekvensane (UNHCR 2008/2009). Argumentet for å få det humanitære aspektet inn i ein potensiell klimaavtale er at dette er eit viktig tilpassingstiltak. Dimed må òg den finanzielle biten for å kunne ta vare på denne gruppa kome inn her ( UNHCR 2009d).

Grunnen til at dei ynskjer å få tvungne miljømigrantar med i ein klimaavtale er nok ikkje berre finansiell, men det er nok ein del av biletet. Denne er i framleis i forhandlingsfasen, og det vil seie at dette er nye pengar som skal forhandlast fram, i motsetting til UNHCR sin økonomi som er fastlagd. UNHCR kan ikkje sjølv yte noko finansiering, Denne må kome frå medlemmane til SN.

#### **5.4.4 Store endringar**

Sidan SN er ein organisasjon har dei ikkje dokument på politikkutforming og lovgiving slik som statar har. Men som andre organisasjonar har SN plandokument og dokument som tek for seg utfordringane som dei meiner er i emning.

Som sagt er det UNHCR som tek seg av flyktningfeltet innan SN, og dei har ei god stund allereie peika på at tvungne miljømigrantar kjem til å verte eit aukande problem. Når det kjem til endringar i politikkutforming og plandokument publiserte dei i 2008 det dei sjølve kallar eit ”policydokument”<sup>7</sup> som sidan har vorte oppdatert ei rekke gonger.

Når det kjem til spørsmålet om tvungne miljømigrantar går dette rett til kjerna på problemstillinga.

UNHCR viser i dette dokumentet at dei har teke innover seg alle aspekta ved tvungne miljømigrantar, både kvifor og kvar denne menneskestraumen kjem til å oppstå (UNHCR 2008/2009: 2), men òg korleis denne gruppa kjem til å fordele seg (UNHCR 2008/2009 : 3-5). Dei er òg innforståtte med korleis dette kjem til å påverke UNHCR sin arbeidssituasjon og korleis denne gruppa kan kome under mandatet deira (UNHCR 2008/2009 : 6-8).

Dette skulle dimed tilseie at sidan dei faktisk er klare over at dette kjem til å verte eit stort problem, og saman med at det er eit underkommunisert problem (UNHCR 2008: 1), skulle dette tilseie at dei ville vere klare for å opprette eit eige regime for tvungne miljømigrantar. Og det er dei.

UNHCR seier eksplisitt at dei ynskjer at denne gruppa skal kome inn under den nye klimaavtalen<sup>8</sup>. Dei framhevar det nødvendige med å få desse inn i ein eigen avtale (UNHCR 2008/2009: 12). Dette grunngir dei med at om ein for det fyrste inkluderer tvungne miljømigrantar i det noverande omgrepene kunne dette ”undermine the international legal regime for the protection of refugees..”. Ei utviding av det noverande flyktningomgrepet ville i fylgje UNHCR vatne ut

---

<sup>7</sup> Som eg vel å sjå på som eit plandokument

<sup>8</sup> UNFCCC

dette og gjere det mindre verdifullt som reiskap for å hjelpe dei som treng assistanse (UNHCR 2008/2009 : 9).

For det andre hevdar UNHCR at dei ikkje har dei finanzielle resursane til å ta seg av dette høge talet menneske som dei ser for seg kjem til å kome. Denne finansieringa ser dei derimot for seg at burde kome saman med den generelle finansieringa av tilpassing og hindring av auke i klimaendringane (UNHCR 2008/2009 : 10).

Det er dimed grunnlag for å seie at UNHCR er positive til ei oppretting av eit eige regime for tvungne miljømigrantar. Dei har utarbeidd eigen politikk på området der dei tilrår at denne gruppa vert inkludert i den pågåande prosessen med forhandling av ein klimaavtale<sup>9</sup>.

Problemet er at ved å gjere dette fråskriv dei seg ansvaret for denne gruppa. Dei ser sjølvsagt for seg at dei skal vere med i prosessen rundt denne gruppa og at somme kjem til å kome under mandatet deira, men dei ynskjer å gjere denne gruppa menneske til eit ansvarsområde under ein annan del av SN systemet.

#### **5.4.5 SN og tvungne miljømigrantar**

Om vi ser på SN ut frå dei fire kriteria som eg meiner er viktige kjenneteikn på at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte oppretta, er det i fyrste omgang eit optimistisk bilet som vert teikna.

UNHCR si haldning talar for skipinga av eit regime, og dei sit òg på den kunnskapen som skal tilseie at dei skulle kunne sjå at eit slikt regime ikkje berre

---

<sup>9</sup> UNFCCC

ville vere fordelaktig, men òg nødvendig. UNHCR er òg nøye med å framheve denne gruppa menneske som ei med behov for assistanse frå det internasjonale samfunnet, og ikkje som ein gjeng lykkejegarar.

Problemet er at UNHCR ikkje ser for seg at dei kan ta seg av denne gruppa, slik den organisatoriske strukturen og den finansielle situasjonen er no. Dimed ynskjer dei å opprette ein organisasjon for denne gruppa utanom UNHCR sitt mandat. Her har dei peika på UNFCCC som den mest nærliggande løysinga. Dei ynskjer at ein skal inkorporere tvungne miljømigrantar i denne avtalen slik at det ikkje berre er UNHCR som må yte assistanse til denne gruppa.

UNHCR kan dimed seiast å ha innsett at denne gruppa treng assistanse, men ynskjer at hovudvekta av ansvaret ikkje skal verte lagt inn under den gjeldande flyktningkonvensjonen og dimed UNHCR sitt mandat.

Eg har no gått igjennom analysen eg har gjort av dei dokumenta eg har valt ut, og vist det eg har funne. Men utan ein diskusjon av desse funna i ein samanheng seier dei lite om det eg ynskjer å finne.

# **6 Tvungne miljømigrantar og eit eventuelt regime**

I denne oppgåva ynskjer eg å finne ut om det er sannsynleg at eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar kjem til å verte oppretta. Dette gjer eg gjennom ein kvalitativ innhaldsanalyse av dokument publisert av fire aktørar innan klimafeltet og flyktningfeltet. Denne innhaldsanalysen er basert på fire kriterium som eg meinar er talande for om desse kjem til å vere initiativtakrar for eit eventuelt regime. I fylgje teori er eit slikt leiarskap nødvendig for at eit regime skal verte oppretta. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg med berre dette, men det vil vere eit stort fyrste steg mot eit eventuelt regime. Desse dokumenta er difor analyserte for å finne om dei kan seie at desse aktørane har dei nødvendige karakteristikkane for å verte ein slik aktør og ut frå dette kunne seie noko om sannsynet for eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar.

Dimed vert hovudpoenget for dette siste oppsummerande kapittelet å sjå om det er noko grunnlag, ut frå det eg har kome fram til i analysekapittelet, for å seie at det kjem til å verte skipa eit regime til fordel for tvungne miljømigrantar.

## **6.1 Dei fire karakteristikkane**

Gjennom analysen har eg sett på kvar av dei fire aktørane og korleis dei svarar på dei fire karakteristikkane eg har valt å bruke som indikatorar på korleis kvar aktør stiller seg med omsyn til tvungne miljømigrantar. Samanfatta kan det seiast at dei har ein god del felles trekk, men med nokre nyanseforskellar.

Alle dei fire aktørane har kjennskap og kunnskap om tvungne miljømigrantar, men alle er ikkje like klare for å bruke denne. SN er den av dei fire aktørane som

viser tydelegast at dei kjenner til denne gruppa og veit kva situasjonen deira går ut på. Dette kan sjølv sagt kome av at SN er den av aktørane som ikkje kan ta ”ansvar” for denne gruppa. Det er berre statar som kan opprette eit eventuelt regime for denne gruppa, og dimed kan SN trykke på for at dette skal skje, utan å måtte tenkje på finansiering eller andre nasjonale interesser.

Dette er nok ein av grunnane til at òg EU er relativt open om kunnskapane dei sit på om tvungne miljømigrantar. Dei omtalar tvungne miljømigrantar ope som ei gruppe som kjem til å trenge assistanse. Men EU er òg ein organisasjon av statar og kan dimed enklare ”gøyme” seg bak det faktum at alle landa må vere einige for å få gjort noko konkret. Dimed vert det enklare å snakke ope om tvungne miljømigrantar, utan at dette nødvendigvis gjer at ein må forplikte seg til noko konkret.

Australia og USA derimot er suverene statar, og er dimed òg forsiktigare eller meir nyanserte når dei omtalar tvungne miljømigrantar. Men òg her er det store forskjellar. Australia er opne med at denne gruppa treng assistanse, og heller meir fordekte med i kva grad dei treng assistanse. USA derimot har ingen offisiell haldning til tvungne miljømigrantar, men viser gjennom mindre offisielle fråsegner at dei er klar over at denne gruppa eksisterar.

Dette biletet som vert teikna her, vert understreka om vi ser på dei andre karakteristikkane eg har valt å bruke.

I spørsmålet om haldning er det SN som er kome ”lengst”, og framhevar tvungne miljømigrantar som ei særslig utsett gruppe, med stort behov for assistanse, og med stort vekstpotensiale. Australia og EU er òg til dels einige om at dette er ei gruppe som treng assistanse, men dei meiner ikkje som SN at dette nødvendigvis treng å skje utanfor opphavsstaden til desse. Dei ynskjer å yte

hjelp og assistanse innanfor rammene av bistand til stader som er særst utsette for klimaendringar, med mål om å hindre denne gruppa frå å vekse. Dei ynskjer enkelt sagt å førebygge framtidig migrasjon, snarare enn å vedkjenne at tvungne miljømigrantar er eit samtidsfenomen. At dette er noko dei innser kanskje ikkje er eit reelt og oppnåeleg mål, kjem òg fram om ein les litt meir mellom linjene, utan at dette er kome opp på politisk nivå.

Og her er det USA kan finnast. Tvungne miljømigrantar er som sagt eit ukjent fenomen om ein les offisielle publikasjonar, mens om ein les dei litt meir mellom linjene kan ein finne spor av denne gruppa. Det er tydeleg at amerikanarane kjenner til tvungne miljømigrantar, men at USA er ikkje klare til å ta eit offisielt standpunkt om denne gruppa, ut over at dei hevdar at dei som er mest utsette for klimaendringar skal få assistanse.

Den finansielle biten vert sjølv sagt spegla av desse haldningane, noko som stemmer med at kriteria til ei viss grad er kumulative. Dei to fyrste er som sagt nær sagt jamstelte, mens dei to siste bygger på desse. Dimed er det å forvente at det finansielle kriteriet vert spegla av dei to føregåande.

EU, saman med SN, ynskjer å få støtte til dei mest utsette for klimaendringar inn i ein eventuell klimaavtale. Men i motsetning til SN ynskjer dei ikkje at dette skal vere noko meir enn støtte til tilpassing og førebygging av auke i klimagassutsleppa. SN ynskjer ei meir omfattande integrering i ein eventuell klimaavtale, noko i nærleiken av flyktningkonvensjonen. Australia og USA er òg for finansiell støtte, men òg som EU utan noko ynske om at dette skal gå til noko anna enn til tilpassing. Forskjellen mellom desse er igjen at Australia er meir eksplisitte med si støtte til offer for klimaendringar, mens USA snakkar i meir generelle termar om dei som er mest utsette. Australia kan dimed stellast nærmare SN og EU, enn USA som er meir vag med spesifikke ynskjer.

Men dette er alle implisitte teikn på interesse for tvungne miljømigrantar og deira situasjon. Ei openlys interesse ville sjølvsagt vore om nokre av desse hadde ein open politikk på området. Dette ville kunne tolkast som eit særskilt viktig teikn på å ville ta leiinga i skipinga av eit regime for tvungne miljømigrantar.

SN er den som har ein open politikk på at denne gruppa treng assistanse, mens den som ikkje har noko i det heile er USA. Australia og EU er mindre openbare, men det kan verke som om dette er noko som er under utarbeiding. Australia har ein politikk på at dei skal hjelpe dei som er utsette for klimaendringar, men der dei oppheld seg. EU går offisielt inn for å få den hjelpa dei meiner dei som er utsette for klimaendringar treng inn under ein avtale under UNFCCC.

Dette støttar igjen opp under at kriteria er kumulative, i og med at dette er om lag det same vi har funne under dei andre kriteria. SN går lengst i si politikkutforming, mens EU og Australia framleis er litt tilbakehaldne og med USA sist, utan noko form for offisiell haldning overfor denne gruppa.

## 6.2 Mønster med positiv utgang

Dei fire karakteristikkane eg har valt å bruke gir altso eit ganske bestemt mønster. SN ynskjer ein avtale for tvungne miljømigrantar, noko dei til dels deler med EU. Forskjellen ligg i grada av integrering av tvungne miljømigrantar i denne. Australia er ikkje komen til det punktet at desse er med, men viser vilje til innsats for denne gruppa. USA er framleis i ”tenkeboksen” og ynskjer enda ikkje å ytre ein konkret politikk på området.

Eg hevda tidlegare at om desse fire karakteristikkane var til stades kunne dette gi auka sannsyn for eit regime for tvungne miljømigrantar. Ut frå det som er funne meiner eg at dette kan hevdast.

Alle dei fire aktørane, med unnatak av USA på visse punkt, slår ut i favør av tvungne miljømigrantar på alle karakteristikkane. Dei er alle opptekne av spørsmålet, om enn på forskjellig plan, og det tydeleg at det skjer ein del på det uoffisielle planet som ålmenta ikkje får ta del i.

Det som er interessant å merke seg, er at alle aktørane utanom SN legg sterkt vekt på førebygging. Alle desse tre, EU, Australia og USA gjer store poeng ut av at ein skal førebyggje framtidige klimaendringar og dimed tvungen miljømigrasjon. No er det ikkje primært denne diskusjonen eg har sett på, men han er interessant for mi oppgåve i og med at det er her fokuset ligg. Ofre for klimaendringar skal hjelpast, men der dei opphavleg kjem frå, ikkje som flyktningar eller migrantar. Samstundes er det klart at det under overflata er meir diskusjon om dette, og at dei einskilde statane innser at dette i lengda ikkje kjem til å halde.

Dimed vert inntrykket at denne gruppa er i fokus til alle desse fire aktørane, om enn ikkje på same måte. SN er der at dei offisielt hevdar at dette er noko som skjer no, mens EU og Australia er litt meir tilbakehaldne. USA er igjen den mest standhaftige i nektinga at dette i det heile er eit tema.

Men dette samla meiner eg gir eit positivt bilet for tvungne miljømigrantar. Det er tydeleg at desse aktørane framleis ikkje er heilt klare for ein avtale til fordel for denne gruppa, av di dei ikkje er kome dit at det er opne om at denne saka er viktig nok til å bli drøfta internasjonalt. Men det er òg tydeleg at dette kan vere under utarbeiding, og at dette kan kome om ikkje altfor lang tid. Alle statane viser teikn til å arbeide med spørsmålet uoffisielt, og om det skulle kome ein leiar, ville denne kunne drage det opp på det offisielle planet.

## **6.3 Leiarrolle**

Å peike ut ein av aktørane som ein framtidig leiar eller pådrivar for eit eventuelt framtidig regime, ser eg som litt meir problematisk. Ved fyrste augekast kunne ein seie at SN er klar for ei slik rolle. Og til ei viss grad er dei det. Dei tek opp problemstillinga rundt tvungne miljømigrantar i fleire fora og er til dels allereie ein sterk pådrivar for eit regime for denne gruppa. Men samstundes er UNHCR, som er den delen av SN som handsamar flyktningar, veldig klare på at dei ikkje ynskjer å få denne gruppa inn under sitt mandatområde. Dei ynskjer derimot å få henne under ein framtidig klimaavtale, og vil nok vere ein pådrivar for dette. Men sidan dei er so restriktive med kva rolle dei sjølve skal spele, vil eg ikkje seie at UNHCR med dette viser ein klar tendens til å ta leiinga.

Men, om vi ser dette på eit litt høgre nivå trur eg at SN med dette kan vere pådrivar overfor andre aktørar, slik at dei kan kome til å ta initiativet til eit slikt regime. Oppretinga og forhandlinga ser eg for meg kjem til å skje i ei eller anna form for SN regi, men då må først SN internt bestemme seg for kvar denne gruppa skal plasserast.

Når det kjem til EU er tvungne miljømigrantar til stades i medvitet, om enn ikkje so openlyst som hos SN. Men her og avgrensar ein seg. EU er ein pådrivar for å få auka tilpassing til klimaendringane, og hevdar med dette at klimaendringar kan hindrast so mykje at talet på klimaflyktningar ikkje kjem til å auke. Dette viser at dei viser teikn til leiareigenskapar for å støtte ofra for klimaendringar, men samstundes ynskjer dei ikkje den same rolla for tvungne miljømigrantar. Men alt er ikkje ”negativt”. Dei viser teikn til at dei i røynda er klar over at dette ikkje er like truleg, noko som med tid og stunder kan resultere i eit anna syn på tvungne miljømigrantar. Dette vil igjen kunne føre til ei meir sentral rolle på eit seinare tidspunkt.

Dette siste kan òg seiast om Australia. Dei viser ingen teikn til no å ville ta leiinga for eit regime for tvungne miljømigrantar, men dei er særskilt opne for å yte store verdiar, både teknisk og finansielt til dei som er utsette for klimaendringar. Samstundes er dei tydelegvis klare over at dette, sett i eit lengre perspektiv, i røynda ikkje kjem til å vere nok, og det kan finnast indikasjonar på at dei arbeider med politikk på området som kan gi Australia ei leiarrolle seinare.

USA er den staten som har flest karakteristikkar på dominans i dagens internasjonale samfunn. Dimed er det for tvungne miljømigrantar negativt at dei har so lite fokus på denne gruppa. Ho er til no fråverande i offentleg politikk og dei kjem ikkje med på det utanrikspolitiske feltet. Men det som kan tolkast i positiv retning for denne gruppa er at det tydelegvis er kunnskap om dei på uoffisielt nivå som etterkvart kan gi større utslag politisk. Men at USA i nærmeste framtid skal ta ei leiande rolle i regimeskiping for denne gruppa er særskilt usannsynleg. Derimot trur eg ikkje USA kjem til å motarbeide ein slik avtale om han kjem opp til forhandling. Dei ville ikkje vere udeltningspositive, av di dei hevdar regionalt samarbeid er den beste løysinga for migrasjon. Men det er tydeleg at dei har kunnskap om at dette kan kome til påverke dei, og dimed kunne vere interessert i ei eventuell internasjonal løysing.

Dei fire aktørane kan dimed konkluderast å vere på forskjellige nivå når det kjem til eit eventuelt leiarskap for skiping av eit regime for tvungne miljømigrantar.

SN kan vere klare for ei leiande rolle, sidan dei er so positive til eit regime. Men dei er tilbakehaldne for å ikkje få den fulle tyngda av den komande flodbølja av menneske som denne gruppa utgjer.

EU og Australia er òg tilbakehaldne, men kan ha visse indikatorar på at det er meir under overflata. USA er endå meir reservert enn desse to og er lite sannsynleg å skulle ta ei leiande rolle.

## 6.4 Konklusjon

So kjem det til å kome eit regime for tvungne miljømigrantar?

Eg vil seie at det ut frå analysen min kan seiast at dette nok er noko som kjem, men at det trengst meir tid. Ikkje minst må ein finne ut kva ein slik avtale skulle romme, både av kriteria for dei den skal gjelde og kva rettar desse i so fall skulle få. Å få ein leiar ville få fortgang i dette, og dette ville og vere nødvendig for i det heile å få gjennomført eit slikt prosjekt. Men det er dverre ikkje slik at vi kan peike ut ein klar tendens mot at ein av mine aktørar kjem til å ta denne rolla med det fyrste. Men eg meiner òg at dette er noko som kjem til kome om ikkje altfor lang tid.

Dverre er ikkje dette åleine nok til at det kan verte skipa eit regime for tvungne miljømigrantar. Men det er ein god start og, og med ein god leiar som klarar å få gjennomslag for idear og tankar er det truleg at dei andre aspekta som er nødvendige kjem til å kome til. Mellom anna må det verte ein felles ide om eit regime for å kunne opprette det. Dette ville ein vere nærare å oppnå om ein viktig aktør gjekk i spissen.

Difor vil eg, sjølv om ingen av mine aktørar er klare for eit regime slik stoda er i dag, ikkje seie at stoda er negativ for tvungne miljømigrantar. Alle desse aktørane, som alle er viktige spelarar internasjonalt, er merksame på denne gruppa og deira situasjon. Og sjølv om dei ikkje er heilt klare for å vedkjenne seg dette, er dette eit steg nærare ei mogeleg løysing for tvungne miljømigrantar. Det som vert spanande i neste omgang vert å sjå korleis ei slik løysing vert sjåande ut, og kven som kjem til å få legge føringar for dette.



# Litteraturliste

- Australian Government 2009, "Enhanced action on adaption – Submission to the AWG-LCA april 2009"
- Australian Government, Departement of Climate Change a, "Australia at Copenhagen –Adaption",  
[www.climatechange.gov.au/copenhagen/australias-position/adaptation.aspx](http://www.climatechange.gov.au/copenhagen/australias-position/adaptation.aspx) - 08.02.2010
- Australian Government, Departement of Climate Change b, "Australia at Copenhagen –Finance",  
<http://www.climatechange.gov.au/copenhagen/australias-position/finance.aspx> . 08.02.2010
- Australian Government, Departement of Climate Change c, "Australia at Copenhagen –Shared visions",  
<http://www.climatechange.gov.au/copenhagen/australias-position/shared-vision.aspx> . 08.02.2010
- Australian Government, Departement of Climate change 2009, "Engaging our pacific Neighbours in Climate change – Australia's approach, Refugee and Humanitarian Issues – Australia's response", Commonwealth of Australia
- Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade a, "Australia in Brief - Climate change",  
[www.dfat.gov.au/aib/climate\\_change.html](http://www.dfat.gov.au/aib/climate_change.html) - 08.02.2010
- Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade b, "Australia in Brief – Foreign and trade policy",  
[http://www.dfat.gov.au/aib/foreign\\_trade\\_policy.html](http://www.dfat.gov.au/aib/foreign_trade_policy.html) – 08.02.2010
- Australian Government, Departement of Foreign Affairs and Trade c, "Australia in Brief – International aid",  
[www.dfat.gov.au/aib/international\\_aid.html](http://www.dfat.gov.au/aib/international_aid.html) – 08.02.2010

- Australian Government, Departement of Immigration and Citizenship 2009, "Refugee and Humanitarian Issues – Australia's Response"
- Bates, Diane C, "Environmental Refugees? Classifying Human Migrations Caused by Environmental Change", Population and Environment, Vol 23, No 5, 2002
- Bergström, Göran og Kristina Boréus 2005 ; "Textens mening och makt – Metodbok i sammhällsvetenskaplig text- och diskursanalys", Studentlitteratur
- Bierman, Frank & Ingrid Boas 2010, "Preparing for a warmer world – Towards a global governance system to protect climate refugees" i "Global Environmental Politics" Vol. 10, No. 1: iii–v. s 60-88
- Black, Richard; "Environmental Refugees, myth or reality", Working paper No.34, Geneve UNHCR, 2001
- Black, Richard; "Refugees, environment and development", London. Longman 1998
- Clinton, Hillary R 2009, "Appointment of special envoy on climate change Todd Stern", [www.state.gov/secretary/rm//2009a/01//115409.htm](http://www.state.gov/secretary/rm//2009a/01//115409.htm) – 18.02.2010
- Commission des communautés européennes, 2003; "Communication de la commission au conseil et au parlement européen : Les changements climatiques dans le contexte de la coopération au développement"
- Commission of the European Communities, 2007; "Communication from the commission to the council and the european parliament: Building a global climate change alliance between the European Union and those developing countries most vulnerable to climate change"
- Commission of the European Communities, 2008a; "Climate change and international security: paper from the High Representative and the European Commission to the European Council"

- Commission of the European Communities, 2008b; ”*Communication from the comission to the european parliment, the council, the european economic and social committee and the committee of the regions : A common Immigration Policy for Europe; Principles, actions and tools*”
- Commission of the European Communities, 2009a; ”*Climate change*”
- Conisbee, M og A. Simms, ”*Environmental Refugees; the case for recognition*”, New Economics Foundation 2003
- Dag og Tid, nr 46 2010, 48. årgangen
- Dag og Tid, nr 5 2010, 49 årgangen
- El- Hinnawi, E; ”*Environmental refugees*”, Nairobi, United Nations Environment Programme, 1985
- Evans, Chris 2008, ”*Adress to the 2008 National Memebers Conference of the Migration Review Tribunal and Refugee Review Tribunal*” – [www.minister.immi.gov.au/media/speeches/2008/ce08-29022008.htm](http://www.minister.immi.gov.au/media/speeches/2008/ce08-29022008.htm) - 08.02.2010
- Flemming, Melissa 2009, ”*Climate change could become the biggest driver of displacement*”, [www.unhcr.org/4b2910239.html](http://www.unhcr.org/4b2910239.html) - 20.02.2010
- Flyktningkonvensjonen 1951 i Buflod, Sannes & Aaesebø red 2004 ; ”*Folkerettslig tekstsamling*”, Cappelen Akademiske Forlag
- Hasenclever, Andreas, Peter Meyer & Volker Rittberger 1996, ”*The study of international regimes*” i ”Mershon International Studies Review, Vol 40, No 2 (Oktober 1996) s. 177-228
- Hovi, Jon og Arild Underdal 2003, ”*Internasjonalt samarbeid og internasjonal organisasjon*”, Universitetsforlaget. Oslo
- Jackobson, Jodi; ”*Environmental Refugees: a Yardstick of Habitability*”. World Watch Paper, no 86, Washington, DC: World Watch Institute, 1988

- Johnstone 2008a, "The Climate Change Future is Now", Adress the Institute of Public Policy Research Conference Climate Change and Forced Migration 2008
- Johnstone 2008b, "Planning for the Inevitable, the Humanitarian Consequences of Climate change", <http://www.unhcr.org/cgi-bin/texis/vtx/search?page=search&docid=49256c492&query=Planning%20for%20the%20Inevitable,%20the%20Humanitarian%20Consequences%20of%20Climate%20change> - 20.02.2010
- Jørgensen, Marianne Winther og Louise Phillips (1999): *Diskursanalyse som teori og metode*. Roskilde Universitetsforlag. Kap. 1-3, 5 & 6. 160s.
- Kibreab, Gaim; "Environmental causes and impact of refugee movement: a critique of the current debate", Disaster 21(1): 20-38, 1997
- Kingdon, John W 1995, "Agendas, Alternatives, and Public Policy", Harper Collins College Publisher, New York
- Krasner, Stephen D, 1983 "Structural causes and regime consequences: regime as intervening variables" i Stephen Krasner, red. "International Regimes", 1983, Cornell University Press
- Mathisen, Werner Christie 2008, Forelesing ved Universitetet i Oslo 26.03.2008
- McGregor, J: "Refugees and the environment", I Richard Black og V Robinson(ed) "Geography and refugees; Patterns and processes of change" ( s.157-170), London og New York, Belhaven, 1993
- McNamara, Karen E; "Conceptualizing discourses on environmental refugees at the United Nations" , Springer Science 2007
- Mitchell, Ronald B 2008, "Evaluating the Performance of Environmental Institutions" i Oran R Young, Leslie A.King &Heike Schroeder, red "Institutional and Environmental Change; Principal Findings,

*Applications, and Reaserch Frontiers”* MIT Press, Massachusetts Institute of Technology

- Myers, Norman, ”*Environmental refugees in a globaly warmed world*”, Bioscience, 43: 752-761, 1993
- Myers, Norman; ”*Environmental Refugees; a proving phenomenon of the 21st century*”, Philosophival Transactions: Biological Sciences, Vol. 357 s. 609-613, 2001
- Obama, Barack, 2009 ”*Remarks by the president at United Nations secretary general Ban Ki-moons climate change summit*”, [www.whitehouse.gov/the\\_press\\_office/Remarks-by-the-President-at-UN-Secretary-General-Ban-Ki-moons-Climate-Change-Summit/](http://www.whitehouse.gov/the_press_office/Remarks-by-the-President-at-UN-Secretary-General-Ban-Ki-moons-Climate-Change-Summit/) - 18.02.2010
- Pacific Leaders Forum 2008, ”*The Niu Declaration*” - <http://www.forumsec.org.fj/pages.cfm/newsroom/press-statements/2008/final-communique-of-39th-pacific-leaders-forum-matavai-resort-niue.html> - 10.02.10
- Red Cross; *The World Disaster Report* 2002
- Riera, José 2008, ”*Climate change, migration, and human displacement*”, *Second Conference on adaption to climate change in developping countries*”, The Hague 2008
- Schwarts, Eric P 2009a, ”*Refugee Issues*”, [www.state.gov/g/prm/rls/rmks/remarks/128046.htm](http://www.state.gov/g/prm/rls/rmks/remarks/128046.htm) - 18.02.2010
- Schwarts, Eric P, 2009b ”*Briefing by Assistant Secretary for Population, Refugees and Migration Eric Schwarts and USAID Acting Administratr for Africa Earl Gast*”
- Sheeran, Josette 2007, ”*Retombees humanitaires du changement climatique: la Commission européenne et le PAM tirent le signale d’alarme*” - [http://www.europa-eu-un.org/articles/fr/article\\_7433\\_fr.htm](http://www.europa-eu-un.org/articles/fr/article_7433_fr.htm) - 20.02.2010

- Stern, Todd 2009a, "Investor summit on climate risk", [www.state.gov/g/oes/rls/remarks/2010/135848.htm](http://www.state.gov/g/oes/rls/remarks/2010/135848.htm) - 18.02.2010
- Stern, Todd 2009b, "Appointment of special envoy on climate change Todd Stern", [www.state.gov/secretary/rm//2009a/01//115409.htm](http://www.state.gov/secretary/rm//2009a/01//115409.htm) – 18.02.2010
- Stern, Todd 2009c, " Press birefing of the US delegation UNFCCC climate change talks", [www.state.gov/g/oes/rls/remarks/2009/121010.htm](http://www.state.gov/g/oes/rls/remarks/2009/121010.htm) - 18.02.2010
- Suhrke, Astrid; "Pressure Points: Environmental Degradation, Migration ans Conflict", Occasional Paper of Project on Environmental Change and Acute Conflict, Washinton, DC: American Academy of Arts and Science, 1993
- The Council of the European Union, 2009b; " EU position for the Copenhagen Climate Conference (7-18 December 2009) – Council conclusions
- The Council of the European Union, 2009; "Council conclusions on climate change and developpement, 2974th external relations council meeting"
- Trolldalen, Jon Martin, Nina Birkeland, Jørgen Borgen og P.T. Scott, "Environmental Refugees; a Discussion Paper" Oslo: World Fournadtion for Environmental and Developement and Norwegian Refugee Council, 1992
- UNHCR a, "Mixed migration – Refugee Protection and Mixed Migration" - [www.unhcr.org/pages/4a16aac66.html](http://www.unhcr.org/pages/4a16aac66.html) - 20.02.2010
- UNHCR b, "Refugees – Flowing Across borders", [www.unhcr.org/pages/49c364cl125.html](http://www.unhcr.org/pages/49c364cl125.html) - 20.02.2010
- UNHCR 2008/2009, " Climate change, natural disasters and human displacement: a UNHCR perspective", The UN Refugee Agency

- UNHCR 2009, "Protecting Refugees", - [www.unhcr.org/4034b6a34.html](http://www.unhcr.org/4034b6a34.html)  
- 16.04.2010
- UNHCR 2009a, " Climate change is an humanitarian problem", The UN Refugee Agency
- UNHCR 2009b, "UNHCR and climate change: involvement, challenges & responses", The UN Refugee Agency
- UNHCR 2009c, " Submission by the International Organization for Migration(IOM), the United Nations High Commissioner for Refugees (UNHCR) and the United NAtions University : Climate change, migration, and displacement: impacts, vulnerability and adaption options", 5th session of the Ad Hoc Working Group on Long-Term Cooperative Action under the Convention (AWG-LCA), Bonn
- UNHCR 2009 d, "Forced displacement in the context of climate change: Challenges for states under international law", 6th session of the Ad Hoc Working Group on Long-Term Cooperative Action under the Convention (AWG-LCA), Bonn
- United States Departement of State 2010; "Migration and refugee Assitance, Emergency refugee and migration assistance, Riscal Year 2010, Congressional Presentation Document"
- United States Departement of State, United States Departement of Homeland Security & United States Departement of Health and Human Services 2010; "Proposed refugee admissions for fiscal year 2010, Report to the Congress"
- US State Departement,a, "Migration", [www.state.gov/g/prm/c25775.htm](http://www.state.gov/g/prm/c25775.htm)  
- 18.02.2010
- US State Departement,b, " Climate change",  
[www.state.gov/g/oes/climate/](http://www.state.gov/g/oes/climate/) - 18.02.2010

- Wong, Penny 2009, "Pacific Island forum, carbon pollution reduction scheme",  
<http://www.climatechange.gov.au/minister/wong/2009/transcripts/August/tr20090804.aspx> - 08.02.2010

Young, Oran R 1994, " International Governance : protecting the environment in a stateless society", Cornell Univer

